# MØTEINNKALLING

**Utval:** **Kontrollutvalet i Aurland kommune**
**Møtedato:** **Onsdag 22. november 2023 kl 11:00**
**Møtestad:** **Kommunestyresalen**

---

## SAKLISTE

**13/2023 Godkjenning av møteprotokoll 12.09.2023**
**14/2023 Drøftingsaker, skriv og meldingar**
**15/2023 Møteplan 2024**
**16/2023 Førebuing planarbeid - Plan for forvaltningsrevisjon 2023-2037**
**17/2023 Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Torgrim Halse, tlf: 948 15 515 eller e-post torgrim.halse@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 13.11.2023

| | |
|---|---|
| Trond Mjøs | Torgrim Halse |
| Leiar (sign) | Sekretariat |

**Kopi:**
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 13/2023 Godkjenning av møteprotokoll 12.09.2023

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Torgrim Halse | 22.11.2023 | 13/2023 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Møteprotokoll frå møte 12.09.2023 vert godkjent

**VEDLEGG**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 12.09.2023 | Sekretariatet for kontrollutvalet | Møteprotokoll frå møte 12.09.2023 |

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Møtedato:** | 12.09.2023 | **Møtetid:** | Kl. 11:00 - 13.00 |
| **Møtestad:** | Rådhuset, kommunestyresalen | **Saksnr.:** | 10/2023 – 12/2023 |

| **Følgjande medlem møtte** | **Parti** |
|---|---|
| Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar | H |
| Kjell Nordgulen, nestleiar | Ap |
| Siri Larsen Ramsøy | Ap |
| Erna Underdal Skarsbø | SP |

| **Forfall meldt frå følgjande medl.** | **Parti** | **Følgjande varamedlem møtte** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| Kristoffer Ullern Hansen | MDG | Monica Gjesdal Larsen | MDG |

| **Ugilde** | **Sak** | **Følgjande varamedlem møtte** |
|---|---|---|
| | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Frode Bekkestad |
| **Frå sekretariatet møtte:** | Harald Mo, PwC |
| **Frå administrasjonen møtte:** | Reinhardt Sørensen |
| **Frå revisjonen møtte:** | |
| **Andre som møtte:** | |
| **Dokument utlevert i møtet:** | Epost frå Johannes Hauge 08.09.2023 med vedlegg<br>● Brev frå Johannes Hauge til Aurland kommune av 03.09.2023: Krav om tilbakelevering av disposisjonsretten til eigedomen gnr 49 bnr 51 i Aurland kommune<br>● Brev frå Aurland kommune til Johannes Hauge av 31.08.2023: Aurland kommune, krav om frigjering av gnr 49 bnr 51.<br>● Brev frå Johannes Hauge til Aurland kommune av 25.08.2023: Krav om tilbakelevering av disposisjonsretten til gnr 49 bnr 51 i Aurland kommune<br>● Brev frå Harald Sjursen til Aurland kommune av 16.02.2023<br><br>Epost frå Reinhardt Sørensen 08.09.2023 «Avtaleoversikt-driftsavtalar teknisk pr 08.09.2023 og svar på spørsmål om idrettsbana/parkering i Flåm» med vedlegg |

| | |
|---|---|
| | • Notat av 08.09.2023 frå Aurland kommne: Avtaleoversikt – driftsavtaler teknisk pr 08.09.2023<br>• Oversikt over avtaler i excel<br>• Brev frå Aurland kommune til Harald Sjursen av 22.06.2023: Svar på – spørsmål til svar – idrettsbana og parkering i Flåm |
| **Synfaring:** | |
| **Merknader:** | |

Underskrifter:

______________________ ________________________ ______________________

______________________ ________________________

## SAKLISTE

| Sak nr. | Sakstittel | Ope/lukka |
|---|---|---|
| **10/2023** | **Godkjenning av møteprotokoll 06.06.2023** | **O** |
| **11/2023** | **Drøftingssaker, skriv og meldingar** | **O** |
| **12/2023** | **Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2024** | **O** |

## Sak 10/2023 Godkjenning av møteprotokoll 06.06.2023

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 12.09.2023 | 10/2023 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Møteprotokoll frå møte 06.06.2023 vert godkjent.

**VEDLEGG**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 06.06.2023 | Sekretariatet for kontrollutvalet | Møteprotokoll frå møte 06.06.2023 |

**12.09.2023 KONTROLLUTVALET**

**SAK-10/2023 VEDTAK**

Møteprotokoll frå møte 06.06.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

# Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

## Sak 11/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 12.09.2023 | 11/2023 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

**Forslag til vedtak vedlegg 1-6:**
Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

**Forslag til vedtak om orienteringar:**
Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

**SAK/VEDLEGG**

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | August 2023 | Aurland kommune | Eigarskapsmelding 2023 |
| 2 | August 2023 | Aurland kommune | Justering av Aurland kommune sitt økonomi- og innkjøpsreglement i samsvar med vedtatt organisasjonsstruktur |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3 | 25.05.2023 | Advokat Johannes Hauge | Klage på Aurland kommunestyre sitt vedtak i sak 212/23 vedkomande områdeplan og administrativt vedtak om rammeløyve for opparbeiding av offentleg parkeringsplass |
| 4 | 03.08.2023 | Aurland kommune | Sak- og møtehandsaming for kontrollutvalet |
| 5 | 28.03.2023 | Kommunal- og distriktsdepartementet | Ny lovproposisjon om endringer i kommuneloven m.m |
| 6 | 25.05.2023 | Advokat Johannes Hauge | Krav om tilbakelevering av disposisjonsretten til eigedomen gnr 49 bnr 51 i Aurland kommune |

**12.09.2023 KONTROLLUTVALET**

**Orienteringar:**

Kommunedirektøren v/Reinhardt Sørensen orienterte om:

- Orienteringa gav informasjon om eigedomane 49/51 og 49/77 i Aurland kommune. På eigedomen 49/51 så har det ikkje skjedd endringar i form av tiltak eller regulering. Regulering og bruk er endra på eigedomen 49/77. Det er klaga på reguleringa og klagar har ikkje fått medhald av Statsforvaltaren.
- Framlagde dokument og orenteringa gir ein status i Aurland kommune og spesielt teknisk etat sitt arbeid med å lage til eit register over kommunen sine avtaler og varigheit på desse. Orienteringa viser at kommunen har gjort godt forbedringsarbeid knytt til tilrådinga frå forvaltingsrevisjon av teknisk etat.

**Sekretariatet orienterer om:**

- Møte med administrasjonen 12.09.2023 knytt til sak- og møtehandsaming for kontrollutvalet.

Monica Gjesdal Larsen stilte spørsmål til administrasjonen om kommunen sine muligheiter for innkjøp av lokalmat.

Kontrollutvalsleiar har synspunkt på at det fortsatt er usikkerheit knytt til prosessen ved gnr 49 bnr 77 og sette fram følgjande forslag til vedtak: Kontrollutvalet anbefaler at saka blir klaga inn til sivilombudsmannen av Harald Sjursen. Avstemminga gav to stemmer for: Kjell Nordgulen og Frode Bekkestad. Dei tre andre medlemane stemte mot framlegget.

Kontrollutvalet drøfta fleire vedtak frå kontrollutvalet der kommunedirektøren ikkje gir svar på vedtaket eller der svar frå kommunedirektøren kjem seint. Kontrollutvalet merkar seg og at kommunedirektøren i langt mindre grad enn i andre kommunar sjølv stiller med orienteringar i kontrollutvalet.

**<u>SAK-11/2023 VEDTAK:</u>**

Kontrollutvalet ber om at administrasjonen svarar ut kontrollutvalet sine vedtak i god tid før møter. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å prioritere å møte i kontrollutvalet når kontrollutvalet ber om det.

Kontrollutvalet tek orienteringane og innhaldet i dokumenta vedlegg 1-6 og dokument utdelt i møtet til vitande.

Samrøystes.

## Sak 12/2023 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2024

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 12.09.2023 | 12/2023 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Sekretariatet gir følgjande framlegg om budsjett 2024 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

| **Område** | **2024** |
|---|---:|
| Kontrollutvalet | 151 800 |
| Sekretariatet | 210 000 |
| Finansiell revisjon | 230 000 |
| Kjøp av forvaltningsrevisjon | 340 000 |
| Kjøp av eigarskapskontroll | 0 |
| Plan for forvaltninsrevisjon og selskapskontroll | 100 000 |
| **TOTALT** | **1 031 800** |

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

**12.09.2023 KONTROLLUTVALET**

**<u>SAK-12/2023 VEDTAK</u>**

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2024 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

| **Område** | **2024** |
|---|---:|
| Kontrollutvalet | 151 800 |
| Sekretariatet | 210 000 |
| Finansiell revisjon | 230 000 |
| Kjøp av forvaltningsrevisjon | 340 000 |
| Kjøp av eigarskapskontroll | 0 |
| Plan for forvaltninsrevisjon og selskapskontroll | 100 000 |
| **TOTALT** | **1 031 800** |

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes.

# Kontrollutvalet i Aurland kommune

## Sak 14/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Torgrim Halse | 22.11.2023 | 14/2023 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

**Forslag til vedtak vedlegg 1-6:**
Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitende.

**Forslag til vedtak om orienteringar:**
Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

---

**SAK/VEDLEGG**

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 02.11.2023 | Aurland kommune | Val av kontrollutval 2023-2027 |
| 2 | 13.10.2023 | SEKOM - Sekreteriatet for kommunale kontrollutval | Kontrollutvalsdagane 23. og 24. januar 2024 - invitasjon |
| 3 | 13.11.2023 | NKRF - Norges kommunerevisorforbund | NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024 |
| 4 | 13.11.2023 | Sekretariatet | Presentasjon av lovreglane som regulerer kontrollutvalet samt kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen i kommunen |
| 5 | 02.11.2023 | Aurland kommune | Tertialrapport 2. tertial 2023 med budsjettendringar |
| 6 | 07.11.2023 | KPMG | Skifte av oppdragsansvarlig revisor |
| 7 | 13.11.2023 | KPMG | Egenvurdering av uavhengighet |
| 8 | 13.11.2023 | KPMG | Revisjonsplan 2023 Aurland |

**Orienteringar:**

**Kommunedirektøren orienterer om:**
- Tertialrapport 2. tertial 2023 med budsjettendringar

**Revisor orienterer om:**
- Revisjonsplan for 2023

**Drøftingsaker:**

- Orienteringar i neste møte

# AURLAND KOMMUNE

# Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 069/23 | Kommunestyret | 02.11.2023 |

| Arkivsaknr.: | Arkiv | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 22/291 - 23/6611 | K1-014, K1-013 | Anne-Mari Samskott 95818751 | 25.10.2023 |

## Nyval av kontrollutval for 2023-2027

**Saka gjeld:**
Nyval av kontrollutvalet for perioden 2023-2027, då eit medlem og eit varamedlem skal bytast ut.

**Tilråding frå valutvalet:**
Arbeidarpartiet:

medlem: Kjetil Turlid

vara: Marit Berge (nytt varamedlem)

Høgre:

medlem: Anita Sæter Turlid (nytt medlem)

vara: Guttorm Brekke

Senterpartiet:

medlem: Sturle Ryum

vara: Erna Underdal Skarsbø

Venstre:

medlem: Trond Mjøs

vara: Leif Inge Underdal

MDG:

medlem: Monica Gjesdal Larsen

vara: Kristoffer Ullern Hansen

Kommunestyret vel desse til leiar og nestleiar i kontrollutvalet:

leiar: Trond Mjøs (V)

nestleiar: Monica Gjesdal Larsen (MDG)

**Saksframlegg**
Det gjennomførast nyval av kontrollutvalet då eit medlem og eit varamedlem i valet den 5. oktober 2023 ikkje var valbare etter kommunelova § 23-1 tredje ledd bokstav f. Bokstaven seier at tilsette i den aktuelle kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet. For tilsette i den aktuelle kommunen gjeld forbodet alle tilsette uansett kor låg stillingsbrøk vedkommande måtte ha. Personar som jobbar tilfeldige vakter i kommunen, f.eks. «ringevikarar» og liknande, omfattast også av forbodet.

Alle medlemmene i kontrollutvalet må veljast på nytt, jamfør kommunelova sin § 23-1 fjerde ledd: «*Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt*».

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst fem medlemar. Minst ein av medlemmane i utvalet skal veljast mellom medlemmane av kommunestyret. Leiaren kan ikkje vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen. Dei vanlege krava til valbarheit i kommunelova § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld òg for kontrollutval.

I § 23-1 tredje ledd bokstav a–h er det i tillegg særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet.

Dette er:

a. ordfører og varaordfører

b. medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg

c. medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med

2

beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare

d. medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd

e. medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité

f. ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

g. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

h. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunelova sine reglar om kjønnsmessig balanse gjeld òg for kontrollutvalet.

**Uprenta vedlegg til saka**:
https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§23-1

Hvem kan og bør velges til kontrollutvalget? - NKRF

**02.11.2023 Kommunestyret**
Tilleggsforslag:
**Endringsframlegg frå Unni Underdal (MDG):**
Kristoffer Ullern Hansen blir erstatta av Marte Tørud Håland

**Handsaming i møte:**
**Røysting:**
Det blir røysta over framlegg frå valutvalet med endringsframlegg frå Unni Underdal: samrøystes

**KS-069/23 Vedtak:**
**Kommunestyret vel desse til kontrollutvalet for 2023-2027:**

Arbeidarpartiet:

medlem: Kjetil Turlid

vara: Marit Berge

Høgre:

medlem: Anita Sæter Turlid

vara: Guttorm Brekke

Senterpartiet:

medlem: Sturle Ryum

vara: Erna Underdal Skarsbø

Venstre:

medlem: Trond Mjøs

vara: Leif Inge Underdal

MDG:

medlem: Monica Gjesdal Larsen

vara: Marte Tørud Håland

**Kommunestyret vel desse til leiar og nestleiar i kontrollutvalet:**

leiar: Trond Mjøs (V)

nestleiar: Monica Gjesdal Larsen (MDG)

**Andrea Fardal Opseth (NO) <andrea.opseth@pwc.com>**

---

# Kontrollutvalsdagane 23. og 24. januar 2024 - invitasjon

1 e-post

---

**Arnar Helgheim** <Arnar.Helgheim@sekom.no> 13. oktober 2023 kl. 09:02
Til: "ane.nygard" <ane.nygard@vestkontroll.no>, "Andrea.opseth@pwc.com" <Andrea.opseth@pwc.com>, "Kristine Lie (NO)" <kristine.lie@pwc.com>, "Harald.mo@pwc.no" <Harald.mo@pwc.no>, "Richard.nesheim@pwc.no" <Richard.nesheim@pwc.no>, Audhild Ragni Vie Alme <Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no>
Kopi: Asgeir Tveit <Asgeir.Tveit@vestrev.no>, Ulla Einar Kåre <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>, Charles Litsheim <Charles.Litsheim@vestrev.no>

Til kontrollutvala i Sogn og Fjordane ved sekretariata.

FKT og NKRF samarbeider om å arrangere Kontrollutvalsdagane 23. og 24. januar. Vi håpar å gi dei nye kontrollutvala ein god start på valperioden!

Vedlagt er program med påmeldingsinformasjon for samlinga.

Påmeldingsfristen er 10.12.2023.

På vegner av dei lokale arrangørane

**Arnar Helgheim**
Dagleg leiar

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

www.sekom.no

ah@sekom.no

+47 975 81 418

---

**Program for kontrollutvalsdagane 23 og 24 januar 2024.doc.pdf**
120K

Forum for kontroll og tilsyn

– kontroll og revisjon i kommunene

# Kontrollutvalsdagane

## 23. og 24. januar 2024 - Hotel Alexandra, Loen

**Den viktigaste målgruppa er medlemar og varamedlemar i kontrollutvala i Sogn og Fjordane. Samlinga er open for alle!**

**Pris med overnatting: Kr 3.900.**
**Pris utan overnatting: Kr 2.500.**

## 23. januar

| | |
|---|---|
| 9:30 – 10:00 | Registrering og noko å bite i |
| 10:00 – 12:30 | Kontrollutvalsrolla<br>Erfaring frå kontrollutvalsleiar<br>Kontrollutvalet sine oppgåver |
| 12:30 – 13.30 | Lunsj |
| 13:30 – 16:00 | Sekretariatet si rolle<br>Møta i kontrollutvalet<br>Henvendingar utanfrå til utvalet |
| 20:00 | Felles middag |

## 24. januar

| | |
|---|---|
| 9:00 – 12:00 | Revisjonen si rolle<br>Revisjon med mogelegheiter og avgrensingar |
| 12:00 – 13:00 | Lunsj |
| 13:00 – 15:00 | Kontrollutvalet sett frå andre sin synstad<br>Ordførar<br>Kommunedirektør |

## Påmelding

Påmeldingsfrist: **10.12.2023.**
Sekretariatet samordnar påmelding i oppstartmøte hausen 2023.
Eventuelt enkeltvis på FKT sine nettsider.
Frist for avmelding: 5.1.2024.

# NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024

Tilbake til kursoversikten

## Nøkkelinfo

| | |
|---|---|
| **Fra/til** | 31.1—1.2 |
| **Påmeldingsfrist** | 14.12 |
| **Pris** | Fastsettes senere |
| **Sted** | Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen |
| **Varighet** | 31.1.: 10.00 - 17.00 \| 1.2.: 09.00 - 13.00 |

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 20. Kontrollutvalgskonferanse 31. januar - 1. februar 2024 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

**Målgruppe**

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

## Program

Programmet fastsettes i løpet av høsten. Hvis du har forslag til temaer og/eller innledere kan du sende en e-post til post@nkrf.no. Sett av datoene allerede nå. Mer informasjon om program og påmelding kommer senere.

**Etterutdanning:**

- 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning



# Møte i kontrollutvalet

**Aurland kommune**

22.11.2023

# Agenda

1. Grunnleggande regelverk for kontrollutvalet

2. Kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen m.m.



# 1. Grunnleggande regelverk for kontrollutvalet

# 1. Regelverk som regulerer kontrollutvalet sitt arbeid

- Kontrollutvalet sitt arbeid er heimla i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval.

- Reglane trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i kommunestyret/fylkestinget

- Øvrige reglar om internt tilsyn og kontroll i kommunen, samt om revisjon, står i kommunelova del 7 (kapittel 22 følgjande)

# Kommunelova § 23-1: Kontrollutvalget

1. Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.

2. Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

3. Utelukket fra valg er (...)

4. Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvit ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmer velges på nytt.

# Kommunelova § 23-2 - Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at:

a ) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte

b ) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak

c ) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

d ) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

e ) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp



# Kommunelova § 23-2 forts. (Kontrollutvalgets ansvar og myndighet)

Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret eller fylkestinget når utvalgets saker skal behandles. Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.

Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.

Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkete møter i folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget kan selv bestemme at denne retten ikke gjelder lukkete møter i kommunestyret og kommunerådet eller fylkestinget og fylkesrådet.

Departementet kan gi forskrift om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling.

# Kommunelova § 23-3: Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjon. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

# Kommunelova § 23-4: Eierskapskontroll

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

# Kommunelova § 23-5: Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.

# 2. Kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen m.m.

# 2. Kommunestyret sitt kontrollansvar

- Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda
- Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap til å føre løpande kontroll og tilsyn med forvaltninga, på vegne av kommunestyret
- God forståing og respekt for kvarandre sine roller er avgjerande for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet. Det er difor viktig at kommunestyret legg til rette for god dialog og informasjonsutveksling
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet

# 3. Kva kan kommunestyret gjere?

- Kommunestyret fyller sitt kontrollansvar mellom anna ved å skape rammevilkår for arbeidet i kontrollutvalet
- Gjere det attraktivt å sitje i kontrollutvalet
    1. Stille krav til kompetanse
    2. Sikre midlar til at kontrollutvalsmedlemmane får tilstrekkelig opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver
- Sikre at utvalet har eit godt sekretariat
- Gje tilstrekkelige løyvingar
- Kommunestyret kan påleggje kontrollutvalet å gjennomføre tilsyns- og kontrolloppgåver



# 4. Kort og godt om kontrollutvalet (henta frå Kontrollutvalsboka side 27)

- Kontrollutvalet har ein sjølvstendig innsynsrett som gjeld alle tilhøve utvalet finn det naudsynt å undersøke
- Kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar
- Dei alminnelige reglane om teieplikt gjeld også for kontrollutvalet
- Kontrollutvalsmedlemmane bør vere ekstra aktsame i sine vurderingar av habilitet
- Det er opp til kommunestyret å avgjere kva sekretariats- og revisjonsordningar kommnen ynskjer
- Kontrollutvalet må utforme gode bestillingar med konkrete problemstillingar til forvaltningsrevisjonen
- God dialog mellom kontrollutval, sekretariat og revisor medverkar til å gjere kontroll- og tilsynsarbeidet betre og meir effektivt

# 5. Kva kan medlemmane i kontrollutvalet gjere?

- Vere proaktive, finne dei rette sakene
- Vere uredde - tore å ta opp “sensitive” saker
- Vere trygg i rolla som kontrollutvalsmedlem
- Vere konkrete og saklege
- Orinetere kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid
- Lag gode planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og gjere gode revisjonar
- Orientere kommunestyret om kontrollutvalet sitt arbeid
- “Sile ut” saker som ikkje har noko i kontrollutvalet sitt arbeid å gjere

# Tilrådingar frå KRD om samspelet mellom kontrollutvalet og kommunestyret

- Tilråding 73: Kommunestyra må setja av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
- Tilråding 74: Rolla som medlem i kontrollutvalet tilseier at ein ikkje tenkjer parti, men kontroll
- Tilråding 75: Det er behov for rettleiing om rolla og arbeidet som medlem i kontrollutvalet. Rettleiinga bør få fram hovudtrekk i det forventningane og rettane som ligg til rolla som medlem i utvalet, mellom anna i lova og forskrifta. Rettleiinga bør òg få fram ulike personlege erfaringar om korleis kontrollutvalet og medlemmane kan lukkast med oppgåvene og ansvaret sitt. Rettleiinga bør vidare få fram korleis ordføraren, administrasjonssjefen, revisoren og sekretariatet kan medverke til at kontrollutvalet lukkast.
- Tilråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.

# Tilrådingar om samspelet mellom kontrollutvalet og administrasjonen

- Tilråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert
- Tilråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidte med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon




© 2023 PwC. All rights reserved. In this context, “PwC” refers to PricewaterhouseCoopers AS, Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS and PwC Tax Services AS which are member firms of PricewaterhouseCoopers International Limited, each member firm of which is a separate legal entity.

# AURLAND KOMMUNE

# Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 056/23 | Formannskapet | 26.10.2023 |
| 064/23 | Kommunestyret | 02.11.2023 |

| Arkivsaknr.: | Arkiv | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 23/374 - 23/6407 | K1-210, K3-&14 | Robert Yttri 90613623 | 17.10.2023 |

## Tertialrapport 2. tertial 2023 med budsjettendringar

**Saka gjeld:**
Kommunedirektøren skal minst to gonger i året rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med vedtatt årsbudsjett kommunelova §14-5.

**Tilråding frå kommunedirektøren:**

1. Tertialrapport 1.tertial 2023 blir tatt til vitande.
2. Ramme justering drift:

| Ansvar | Navn | Justering ramm |
|---|---|---|
| 110 | Politisk Organ | 500 000 |
| 100 | Rådmannsfunksjon | - 500 000 |
| 210 | ABU | 2 500 000 |
| 120 | Kultur | - 300 000 |
| 222 | Aurland Barnehage | - 300 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 900 000 |
| 310 | Pleie og omsorg | 1 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 500 000 |
| 311 | Bu og miljø | 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 500 000 |

3. Rammetilskot/skatt aukar med kr 2.387.000,-. Dette blir avsett til disposisjonsfond, balansekonto 25620901
4. Auka netto sal av konsesjonskraft kr 9.000.000,-. Dette blir avsett med kr 4.500.000,- til lønsreguleringsfond og kr 4.500.000,- til auka pensjonskostnadar.

5. Auka arbeidsgivaravgift med kr 2.100.000,-. Dette blir auke ved bruk av disposisjonsfond, balansekonto 25620901.
6. Investeringstabell endringar og flyttingar mellom prosjekta:

| | Buds(end) | Endringer | |
|---|---|---|---|
| Pnr Prosjektnamn | 2023 | 2. tertial | Nytt budsjettforslag |
| 20001 Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg | 75 000 000 | 5 000 000 | 80 000 000 |
| 20018 Ny inngang trimrommet | 14 000 000 | - 13 100 000 | 900 000 |
| 20028 Breibandutbyggjing (2022) | 600 000 | 840 000 | 1 440 000 |
| 20047 PARKERINGSTILTAK AURLAND PARKERING | 5 800 000 | 5 000 000 | 10 800 000 |
| 20101 VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden | 470 000 | - 440 000 | 30 000 |
| 20114 Opparbeiding Ty - utbygging | 6 700 000 | 500 000 | 7 200 000 |
| 20123 Miljøtiltak Flåmsvassdraget | 2 000 000 | - 2 000 000 | - |
| 23006 Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane | - | 100 000 | 100 000 |
| 23008 Bygningsmessige tiltak- omstilling og samlokalisering | 200 000 | 100 000 | 300 000 |
| Totalt | | -4 000 000 | |

7. Utkjøp av legebil kr 260 000.-. Blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
8. Investering velferdsteknologi i samband med nytt bygg pleie og omsorg (helsetunet) inntil kr 2.000.000.-, dette blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond kr 1.600.000,- og momskompensasjon kr 400.000,-.
9. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp ytterlegare lån til finansiering av investeringar med inntil kr 24.000.000,-

10. Sal av varige driftsmidlar aukar med kr 5.000.000,- til finansiering av investeringar.

11. Prosjekt 20047 Parkeringstiltak Aurland parkering blir tilført nye 6.200.000,- i lån frå konsesjonsavgiftsfondet. Det skal utarbeidast nedbetalingsplan av samla lån frå konsesjonsavgiftsfondet.

**Saksframlegg**
Kommunedirektøren utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret.

Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift
- kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon, inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunens finansforvaltning

- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren føreslå endringar i årsbudsjettet

**Vurdering**
Den kommunale drifta i Aurland kommune er i ubalanse, og det er naudsynt å gjere endringar i årsbudsjettet.

Årets lønsoppgjer er landa på nær 5,8% for alle lønskapitla samla. Dette utgjer ein årsverknad på om lag 6,7 mill. kroner. Det vart sett av 4,5 mill. kroner i budsjett for 2023. I tillegg er det ei «skjerpa» arbeidsgjevaravgift for alle løner over kr. 750.000,-. Dette må og regulerast inn i 2023 budsjettet. Det er og funne ein formelfeil i budsjetteringa av arbeidsgjevaravgifta for 2023. Dette er no retta opp, men saman med høgare avgift blir beløpet relativt høgt. Som følgje av svært høgt lønsoppgjer, vil og kommunen sine pensjonsforpliktingar auka sterkt. Det blir difor tilrådd å styrke kommunen sitt eige pensjonsfond. Desse avsetningane kan gjerast ved å justere opp forventingane til sal av konsesjonskraft i 2023.

Aurland barne- og ungdomsskule har ved forventa framskriving eit meirforbruk på nær 12%. Dette er ikkje i tråd med vedtak, og det er iverksett tiltak. Likevel skal vesentlege avvik dekkast inn, og sidan dette er knytt til lønskostnader blir det tilrådd å bruke av disposisjonsfondet i kombinasjon med flytting av ressursar frå andre einingar innan oppvekstområdet.

Det har vore varsla høgare bruk av vikarbruk i helse- og omsorgsområdet, og det vart sett av 1. mill. kroner til dette ved handsaminga av 1. tertialrapport. Det viser seg å ikkje vere tilstrekkeleg, og det blir tilrådd å styrke pleie- og omsorg/bu- og miljø med inntil 2. mill. kroner. Vedvarande rekrutteringsutfordringar, sjukefråvær og vanskeleg ferieavvikling er hovudforklaringa.

Investeringsbudsjettet er framlagt med nokre tilrådde endringar, og justert ned frå 150.mill kroner til 146 mill. kroner. Det store investeringsprosjektet i helse og omsorg er omfattande og komplisert. Det utfordra administrasjonen på styring og kontroll. Det totale investeringsvolumet er for høgt, og må reduserast i neste planperiode. Det blir lagt fram ein ny investeringsplan for 2023 der det er naudsynt å bruke meir lån. Ved rekneskapsavsluttinga for 2022 vart det ikkje tatt opp nye lån, og behaldninga av ubrukte lånemidlar var brukt i staden for. Det viser seg at i finansieringsplanen for 2023 vart det og lagt opp til bruk av dei same ubrukte midlane. I tillegg vart det budsjettert med dobbel tilskot. Dette må no rettast opp.

Gjeldsgraden etter at nytt låneopptak blir gjort vil bli på 83,2%. Dette er over måltalet på 75%.

Det blir forventa å legge til rette for utstrakt bruk av velferdsteknologi i helse- og

omsorgstenestene. I samband med investering i sjukeheim, omsorgseiningar mm. bør det no leggast til rette for dette. Oversikt (anbod) viser ei tilrådd investering på omlag 2. mill. kroner.

Viser elles til vedlagt tertialrapport.

**26.10.2023 Formannskapet**
**Handsaming i møte:**
**Røysting:**
Det vart fyrst røysta over framlegg frå kommunedirektøren: samrøystes
Det vart deretter røysta over tilleggsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum: samrøystes

**FS-056/23 Vedtak:**

Tertialrapport 1.tertial 2023 blir tatt til vitande.

1. Ramme justering drift:

| Ansvar | Navn | Justering ramm |
|---|---|---|
| 110 | Politisk Organ | 500 000 |
| 100 | Rådmannsfunksjon | - 500 000 |
| 210 | ABU | 2 500 000 |
| 120 | Kultur | - 300 000 |
| 222 | Aurland Barnehage | - 300 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 900 000 |
| 310 | Pleie og omsorg | 1 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 500 000 |
| 311 | Bu og miljø | 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 500 000 |

3. Rammetilskot/skatt aukar med kr 2.387.000,-. Dette blir avsett til disposisjonsfond, balansekonto 25620901
4. Auka netto sal av konsesjonskraft kr 9.000.000,-. Dette blir avsett med kr 4.500.000,- til lønsreguleringsfond og kr 4.500.000,- til auka pensjonskostnadar.
5. Auka arbeidsgivaravgift med kr 2.100.000,-. Dette blir auke ved bruk av disposisjonsfond, balansekonto 25620901.
6. Investeringstabell endringar og flyttingar mellom prosjekta:

| | | Buds(end) | Endringer | |
|---|---|---|---|---|
| Pnr | Prosjektnamn | 2023 | 2. tertial | Nytt budsjettforslag |
| 20001 | Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg | 75 000 000 | 5 000 000 | 80 000 000 |
| 20018 | Ny inngang trimrommet | 14 000 000 | - 13 100 000 | 900 000 |
| 20028 | Breibandutbyggjing (2022) | 600 000 | 840 000 | 1 440 000 |
| 20047 | PARKERINGSTILTAK AURLAND PARKERING | 5 800 000 | 5 000 000 | 10 800 000 |
| 20101 | VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden | 470 000 | - 440 000 | 30 000 |
| 20114 | Opparbeiding Ty - utbygging | 6 700 000 | 500 000 | 7 200 000 |
| 20123 | Miljøtiltak Flåmsvassdraget | 2 000 000 | - 2 000 000 | - |
| 23006 | Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane | - | 100 000 | 100 000 |
| 23008 | Bygningsmessige tiltak- omstilling og samlokalisering | 200 000 | 100 000 | 300 000 |
| Totalt | | | -4 000 000 | |

7. Utkjøp av legebil kr 260 000.-. Blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
8. Investering velferdsteknologi i samband med nytt bygg pleie og omsorg (helsetunet) inntil kr 2.000.000.-, dette blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond kr 1.600.000,- og momskompensasjon kr 400.000,-.
9. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp ytterlegare lån til finansiering av investeringar med inntil kr 24.000.000,-

10. Sal av varige driftsmidlar aukar med kr 5.000.000,- til finansiering av investeringar.

11. Prosjekt 20047 Parkeringstiltak Aurland parkering blir tilført nye 6.200.000,- i lån frå konsesjonsavgiftsfondet. Det skal utarbeidast nedbetalingsplan av samla lån frå konsesjonsavgiftsfondet.

12. Utkjøp av bilar kr. 250 000,-, finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Samrøystes

**02.11.2023 Kommunestyret**
**Handsaming i møte:**
**Røysting:**
Framlegg frå formannskapet: samrøystes

**KS-064/23 Vedtak:**
Tertialrapport 1.tertial 2023 blir tatt til vitande.

1. Ramme justering drift:

| Ansvar | Navn | Justering ramm |
|---|---|---|
| 110 | Politisk Organ | 500 000 |
| 100 | Rådmannsfunksjon | - 500 000 |
| 210 | ABU | 2 500 000 |
| 120 | Kultur | - 300 000 |
| 222 | Aurland Barnehage | - 300 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 900 000 |
| 310 | Pleie og omsorg | 1 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 1 500 000 |
| 311 | Bu og miljø | 500 000 |
| | Bruk av disposisjonsfond, 25620901 | - 500 000 |

3. Rammetilskot/skatt aukar med kr 2.387.000,-. Dette blir avsett til disposisjonsfond, balansekonto 25620901
4. Auka netto sal av konsesjonskraft kr 9.000.000,-. Dette blir avsett med kr 4.500.000,- til lønsreguleringsfond og kr 4.500.000,- til auka pensjonskostnadar.
5. Auka arbeidsgivaravgift med kr 2.100.000,-. Dette blir auke ved bruk av disposisjonsfond, balansekonto 25620901.
6. Investeringstabell endringar og flyttingar mellom prosjekta:

| | Buds(end) | Endringer | |
|---|---|---|---|
| Pnr Prosjektnamn | 2023 | 2. tertial | Nytt budsjettforslag |
| 20001 Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg | 75 000 000 | 5 000 000 | 80 000 000 |
| 20018 Ny inngang trimrommet | 14 000 000 | - 13 100 000 | 900 000 |
| 20028 Breibandutbyggjing (2022) | 600 000 | 840 000 | 1 440 000 |
| 20047 PARKERINGSTILTAK AURLAND PARKERING | 5 800 000 | 5 000 000 | 10 800 000 |
| 20101 VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden | 470 000 | - 440 000 | 30 000 |
| 20114 Opparbeiding Ty - utbygging | 6 700 000 | 500 000 | 7 200 000 |
| 20123 Miljøtiltak Flåmsvassdraget | 2 000 000 | - 2 000 000 | - |
| 23006 Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgrasbane | - | 100 000 | 100 000 |
| 23008 Bygningsmessige tiltak- omstilling og samlokalisering | 200 000 | 100 000 | 300 000 |
| Totalt | | -4 000 000 | |

7. Utkjøp av legebil kr 260 000.-. Blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
8. Investering velferdsteknologi i samband med nytt bygg pleie og omsorg (helsetunet) inntil kr 2.000.000.-, dette blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond kr 1.600.000,- og momskompensasjon kr 400.000,-.
9. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp ytterlegare lån til finansiering av investeringar med inntil kr 24.000.000,-

10. Sal av varige driftsmidlar aukar med kr 5.000.000,- til finansiering av investeringar.

11. Prosjekt 20047 Parkeringstiltak Aurland parkering blir tilført nye 6.200.000,- i lån frå konsesjonsavgiftsfondet. Det skal utarbeidast nedbetalingsplan av samla lån frå konsesjonsavgiftsfondet.

12. Utkjøp av bilar kr. 250 000,-, finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Samrøystes

**Vedlegg:**
Tertialrapport 2. tertial 2023

# AURLAND KOMMUNE

# Tertialrapport 2. tertial 2023



# Innhald


Innleiing ........ 3

Økonomi ........ 3

Finansområdet ........ 3

Oversikt drift – tenesteområde ........ 4

Skatteinngang pr. 31.08.23 ........ 4

Finansielle måltal – fond ........ 6

Låneportefølgje Aurland kommune pr 31.08.2023. Eigne investeringar ........ 7

Investeringar med kommentarar 2. tertial 2023 ........ 8

Ny bevilgningsoversikt investering. ........ 12

HR og organisasjon ........ 13

Tenesteeiningar ........ 15

Politiske organ ........ 15

Sentraladministrasjonen ........ 15

Kultur ........ 17

Aurland barne- og ungdomsskule ........ 19

Flåm barnehage ........ 20

Aurland barnehage ........ 21

Flåm skule ........ 23

Helse og førebygging ........ 24

NAV Aurland ........ 25

Aurland og Lærdal barnevern ........ 25

Pleie og omsorg ........ 26

Bu og miljøtenester ........ 28

Teknisk ........ 32

Vedtakskodeoversikt Periode: 01.05.2023- 31.08.2023 ........ 35

## Innleiing

Kommunedirektør utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret. Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift, kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon , inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunens finansforvaltning
- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal rådmann en føreslå endringar i årsbudsjettet

## Økonomi

Det er lagt til grunn ein prognose som er framskriven for heile året. Ut frå denne prognosen vil dei frie inntektene totalt sett auka litt med opphavleg budsjett.

Ut frå framskriving slik drifta er i dag vil tenesteområda samla sett komme ut med eit meirforbruk på om lag 3,8 millionar kroner. Dette utgjer 1,9% i meirforbruk.

### Finansområdet

Økonomiske oversikter

| | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Framskriven prognose |
|---|---|---|---|
| **Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)** | | | |
| 1 Rammetilskudd | 47 153 053 | 54 850 000 | 57 069 000,00 |
| 2 Inntekts- og formueskatt | 62 626 031 | 59 519 000 | 59 826 000,00 |
| 3 Eiendomsskatt | 42 121 543 | 64 000 000 | 64 000 000,00 |
| 4 Andre generelle driftsinntekter | 53 297 433 | 52 374 000 | 52 235 000,00 |
| **5 Sum generelle driftsinntekter** | **205 198 060** | **230 743 000** | **233 130 000** |
| **6 Sum bevilgninger drift, netto** | **99 115 093** | **176 569 953** | **176 569 953** |
| 7 Avskrivninger | 24 576 889 | | |
| **8 Sum netto driftsutgifter** | **123 691 982** | **176 569 953** | **176 569 953** |
| **9 Brutto driftsresultat** | 81 506 078 | 54 173 047 | 56 560 047 |
| 10 Renteinntekter | 2 538 055 | 900 000 | 900 000 |
| 11 Utbytter | 762 067 | 5 000 000 | 5 000 000 |
| 12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | - | - | - |
| 13 Renteutgifter | 4 262 958 | 10 500 000 | 10 500 000 |
| 14 Avdrag på lån | 13 028 336 | 14 000 000 | 14 000 000 |
| **15 Netto finansutgifter** | **- 13 991 172** | **- 18 600 000** | **- 18 600 000** |
| 16 Motpost avskrivninger | 24 576 889 | | |
| **17 Netto driftsresultat** | **92 091 795** | **35 573 047** | **37 960 047** |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | | | |
| 18 Overføring til investering | 5 191 000 | 35 307 000,00 | 35 307 000,00 |
| 19 Avsetninger til bundne driftsfond | 22 138 913 | 19 900 000,00 | 19 900 000,00 |
| 20 Bruk av bundne driftsfond | - 11 324 577 | - 24 817 000,00 | - 24 817 000,00 |
| 21 Avsetninger til disposisjonsfond | 90 805 386 | 28 327 047,00 | 30 714 047,00 |
| 22 Bruk av disposisjonsfond | - 14 718 928 | - 23 144 000,00 | - 23 144 000,00 |
| 23 Dekning av tidligere års merforbruk | - | - | - |
| **24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat** | **92 091 794,52** | **35 573 047,00** | **37 960 047,00** |
| 25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | - | - | - |

## Oversikt drift – tenesteområde

| §5-4. andre ledd.<br>Bevilgningsoversikt drift, netto | Regnskap 2022 | Budsjett | Oppr.budsjett | Framlegg 2.terti |
|---|---|---|---|---|
| 100 POLITISKE ORGAN | 2 768 675 | 2 770 979 | 2 757 300 | 3 270 979 |
| 110 RÅDMANNSFUNKSJON | 25 233 702 | 29 876 984 | 28 662 800 | 29 376 984 |
| 120 KULTUR | 3 964 934 | 5 063 247 | 4 800 000 | 4 763 247 |
| 210 ABV | 19 115 120 | 20 901 946 | 19 800 000 | 23 401 946 |
| 221 FLÅM BARNEHAGE | 4 602 472 | 5 292 768 | 5 028 679 | 5 279 409 |
| 222 AURLAND BARNEHAGE | 9 560 327 | 10 504 867 | 9 921 000 | 10 204 867 |
| 230 FLÅM SKULE | 6 117 092 | 6 293 559 | 6 007 000 | 6 201 065 |
| 300 HELSE OG FØREBYGGJING | 18 796 536 | 19 274 038 | 18 675 000 | 19 274 038 |
| 301 NAV AURLAND (kommune) | 1 742 289 | 2 070 701 | 2 040 000 | 2 150 000 |
| 302 BARNEVERN | 2 152 246 | 2 969 843 | 2 792 727 | 2 878 549 |
| 310 PLEIE OG OMSORG | 36 386 571 | 41 633 849 | 38 762 000 | 43 133 849 |
| 311 BU- OG MILJØTENESTER | 26 311 881 | 28 561 371 | 27 239 011 | 29 061 371 |
| 500 KOMMUNAL DRIFTSEINING | 28 043 630 | 28 430 591 | 27 281 796 | 28 430 591 |
| | | | | |
| | | | | |
| **Sum** | **184 795 475** | **203 644 744** | **193 767 313** | **207 426 896** |

## Skatteinngang pr. 31.08.23

| **Kommunenummer** | **4641** | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kommunenamn** | **Aurland** | | | | | | | | | | | |
| | 2021 | 2022 | | | | 2023 | | | | | | |
| Måned | Måneds-inngang | Måneds-inngang | i % av faktisk inngang heile året | Inngang hittil i år | I % av faktisk inngang | Budsjett periodisert | Måneds-inngang | I % av justert budsjett | Inngang hittil i år | I % av justert budsj. (akk) | Endring hittil 2021-2022 | Endring % 2021-2022 |
| Januar | 5 741 011 | 7 846 127 | 8,28 % | 7 846 127 | 8,28 % | 6 666 128 | 6 776 449 | 7,42 % | 7 846 127 | 8,59 % | - 1 069 678 | -13,63 % |
| Februar | 415 151 | 1 499 332 | 1,58 % | 9 345 459 | 9,86 % | 791 602 | 733 702 | 0,80 % | 8 579 829 | 9,40 % | - 765 630 | -8,19 % |
| Mars | 22 935 454 | 7 792 453 | 8,22 % | 17 137 912 | 18,07 % | 8 832 619 | 24 822 860 | 27,19 % | 33 402 689 | 36,59 % | 16 264 777 | 94,91 % |
| April | 1 709 624 | 2 723 448 | 2,87 % | 19 861 360 | 20,95 % | 1 047 534 | 912 614 | 1,00 % | 34 315 303 | 37,59 % | 14 453 943 | 72,77 % |
| Mai | 23 166 637 | 38 878 156 | 41,00 % | 58 739 516 | 61,95 % | 8 933 801 | 16 554 764 | 18,13 % | 50 870 067 | 55,72 % | - 7 869 449 | -13,40 % |
| Juni | 1 360 474 | 1 626 998 | 1,72 % | 60 366 514 | 63,67 % | 29 557 135 | 9 598 361 | 10,51 % | 60 468 428 | 66,24 % | 101 914 | 0,17 % |
| Juli | 7 675 281 | 7 991 371 | 8,43 % | 68 357 885 | 72,09 % | 7 392 259 | 8 533 931 | 9,35 % | 69 002 359 | 75,58 % | 644 474 | 0,94 % |
| August | 660 892 | 858 808 | 0,91 % | 69 216 693 | 73,00 % | 1 749 858 | 1 807 764 | 1,98 % | 70 810 123 | 77,56 % | 1 593 430 | 2,30 % |
| September | 9 530 029 | 10 462 395 | 11,03 % | 79 679 088 | 84,03 % | 9 243 300 | | 0,00 % | 70 810 123 | 77,56 % | - 8 868 965 | -11,13 % |
| Oktober | 1 579 024 | - 1 233 359 | -1,30 % | 78 445 729 | 82,73 % | 1 517 000 | | 0,00 % | 70 810 123 | 77,56 % | - 7 635 606 | -9,73 % |
| November | 9 706 633 | 15 169 555 | 16,00 % | 93 615 284 | 98,73 % | 6 850 636 | | 0,00 % | 70 810 123 | 77,56 % | - 22 805 161 | -24,36 % |
| Desember | 3 343 525 | 1 201 581 | 1,27 % | 94 816 865 | 100,00 % | 8 710 388 | | 0,00 % | 70 810 123 | 77,56 % | - 24 006 742 | -25,32 % |
| | | | | | | | | | | | | |
| Regnskap | 87 823 735 | 94 816 865 | | | | 91 292 260 | | | | | | |




Grafen syner stor forskjell frå budsjett til rekneskap i starten av året. Grunnen til det er at periodisert budsjett er basert på fjorårets rekneskapstal der forsinka utbetaling av naturressursskatten på nokre månader låg til grunn. Det meste av Naturressursskatten i år har kommunen fått inn i mars og mai. Sjå tabell over for meir detaljert samanlikning med åra som har gått. Per dags dato er skatteinngangen i rute. Usikkerheita ligg i avrekninga som skjer i slutten av året.

## Finansielle måltal – fond

**Disposisjonsfondet:**
Pr 31.12.2022 va disposisjonsfondet på kr 114 mill

Pr 31.08.2023 er fondet på kr 112mill.

Pr 31.12.2022 utgjer dette 30% av brutto driftsinntekt.

Pr 31.08.2023 utgjer dette 39% av brutto driftsinntekt.

Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum brutto driftsinntekter det einskilde året.

Dette utgjer ein litt skeivt bilde på likviditeten til kommunen i banken per dagsdato, det er mykje lågare tall. Dei øvrige tala er rekneskapstal.

**Konsesjonsavgiftsfondet:**
Pr 31.12.2022 var dette 19,2 mill

Pr 31.08.2023 er fondet på 17,1 mill.

**Netto finansutgifter:**
Pr 31.12.2022 var nettofinans utgifter kr 15 526 520

Pr 31.08.2023 er netto finansutgifter kr 18 600 000

Pr 31.12.2022 utgjorde dette 4%

Pr 31.08.2023 utgjorde dette 6,5%

Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einskilde år.

**Netto driftsresultat:**
Pr 31.12.2022 var netto driftsresultat kr 90 500 000.

Pr 31.08.2023 er netto driftsresultat kr 36 500 000

Pr 31.12.2022 utgjorde dette 23%

Pr 31.08.2023 utgjer dette 12%

Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einskilde år.

**Gjeldsgrad:**
Gjeldsgrad er definert som lånegjeld til eigne investeringar dividert på brutto.

Måltalet for Aurland kommune er at ein ikkje skal kome over 75 % i gjeldsgrad.
Avlagt rekneskap for 2022 viser kr 386 mill. i brutto driftsinntekter. 75 % av dette er 289 mill. Dette utgjer ein gjeldsgrad på 58%.

Det har vore ekstraordinære inntekter i 2022 på grunn av høge prisar på straum.

Ubruktelånemidlar utgjorde om lag 1,3 mill. kroner pr 31.12.2022.
Det blir i år behov for å ta opp nye lån med kr 39 millionar kroner. Dette vil auka kommunens lånegjeld til 253 millionar kroner på lån til eigne investeringar.

Låneporteføljge Aurland kommune pr 31.08.2023. Eigne investeringar

| LÅNEPORTEFØLJE PR 31.12.2022 | Pr 31.12.2022 | Avdrag 2022 | Pr 31.12.2023 |
|---|---|---|---|
| Art: 24519372 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20020846 | -11 520 000 | 1 920 000 | -9 600 000 |
| Art: 24519373 KOMMUNEKREDITT LÅN NR 8317.50. | -3 714 602 | 1 061 316 | -2 653 286 |
| Art: 24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4 | -2 531 250 | 468 750 | -2 062 500 |
| Art: 24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4 | -2 531 250 | 468 750 | -2 062 500 |
| Art: 24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248 | -5 456 250 | 727 500 | -4 728 750 |
| Art: 24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565 | -8 160 000 | 480 000 | -7 680 000 |
| Art: 24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505 | -8 320 000 | 437 900 | -7 882 100 |
| Art: 24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170414 | -17 666 670 | 706 690 | -16 959 980 |
| Art: 24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374 | -30 699 020 | 0 | -30 699 020 |
| Art: 24519388 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20180289 | -27 653 990 | 1 316 860 | -26 337 130 |
| Art: 24519389 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20190318 | -43 269 600 | 1 966 800 | -41 302 800 |
| Art: 24519390 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20210043 | -64 265 300 | 3 473 800 | -60 791 500 |
| **T O T A L T** | **-225 787 932** | **13 028 366** | **-212 759 566** |

Med nye låneopptak i 2023 blir kommunen sin totale gjeld pr. 31.12.2023 inklusive husbank lån blir kr 274 millionar kroner, og då blir berekna gjeldsgraden 83,2%.
Gjeldsgraden avviker då frå måltalet på 75%.

# Investeringar med kommentarar 2. tertial 2023

| Prosjekt nr | Prosjekt | Buds(end) | Regnskap | Budsjett-regulering | Rev. Invest buds 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 2023 | Pr 01.10.2023 | 2. tert. 2023 | Heile 1000 |
| 20001 | Bygnings-messige tiltak pleie og omsorg | 75 000 000 | 65 494 868 | 5 000 000 | 80 000 000 |
| 20001 | Utbygginga pågår. Ny frist som er inngått med hovudentreprenøren og tekniske fag var 15.09.2023 og det løper no dagmulkt i prosjektet. I budsjettreguleringa tek ein med prisauke, samt endringar. Krava frå hovudentreprenøren er vesentleg større enn kommunen har godkjend og det er usemje om desse og mengdekontroll. Budsjettreguleringa tek høgde for usikkerheita til endelege mengder, samt endringar innanfor dei ulike kontraktane. Prosjektet er krevjande og har medført vesentleg med meirarbeid for byggherreorganisasjonen. Det må takast høgde for at det kan gå tid i høve forhandlingar i samband med sluttoppgjer. | | | | |
| 20003 | Turveg Heggviki - Bøen (2020) | 900 000 | 202 224 | | 900 000 |
| 20003 | Oppmålingar og frådelingar pågår. Stor del av eigedomar på Kvitt er no heimelsoverført til kommunen, står att ein parsell. Sak i tingretten for fastsetting av skjønn er skyvd på i påvente av utvikling i saka. Felles veg på Kvitt vil bli kommunal veg og det må påreknast vedlikehaldsarbeid på vegen for å følgje opp kjøpsavtalane. Sak om overtaking av veg etter veglova vil bli førebudd. | | | | |
| 20018 | Ny inngang trimrommet | 14 000 000 | 379 107 | -13 100 000 | 900 000 |
| 20018 | Det vert arbeidd med endring av anbodsgrunnlag for ny anbodsrunde. Endeleg finansieringssak og om prosjektet skal gjennomførast vert handtert på budsjettmøte i desember i samband med budsjett og økonomiplan 2024 - 2027. Budsjettposten er difor redusert i påvente av endeleg tilbod er kome inn og gjev grunnlag for innarbeiding i budsjett og økonomiplan. Midlar nyttast til planlegging/prosjektering. | | | | |
| 20019 | Nærmiljø-anlegg leikeplassar | 900 000 | 933 198 | | 900 000 |
| 20019 | Ferdigstilt | | | | |
| 20021 | Overtaking Ytstebøen bustadfelt | 4 200 000 | 2 102 493 | | 4 200 000 |
| 20021 | Manglande innbetaling av refusjon frå tomteeigarar vert fulgt opp. Retting av feil og manglar har medført tillegg i prosjektet kr 1 mill. Arbeid ferdigstilt. Sluttoppgjer pågår. | | | | |
| 20024 | IKT - investerngar (2022) | 2 619 000 | 2 323 072 | | 2 619 000 |
| 20024 | IKT investeringar går som planlagd. | | | | |
| 20028 | Breiband-utbyggjing (2022) | 600 000 | 1 356 797 | 840 000 | 1 440 000 |
| 20028 | Prosjektet omfattar utbygginga Thy-Volda-Skjerdal, samt Bjørgo-Turlid. Prosjektet vart nettobudsjettert og det er venta tilskot kr 850 000 til saman frå fylkeskommune. | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 20038 | Sikrings-prosjekt Hallinggrovi 2020 | 2 430 000 | 74 422 | | 2 430 000 |
| 20038 | Sikringstiltak ferdig prosjektert, men ikkje fakturert enno. Prosjektert løysing dannar grunnlag for søknad til verneområdestyre, samt byggesøknad for gjennomføring. Søknaden er nabovarsla og sendt inn. Utførelsesarbeidet er tildelt. Det vart ikkje gjeve tilsegn om medfinansiering frå NVE til prosjektet ut i frå kost-nytte vurdering. | | | | |
| 20047 | Parkerings-tiltak Aurland Parkering | 5 800 000 | 10 684 758 | 5 000 000 | 10 800 000 |
| 20047 | Prosjektet omfattar innføring av parkerigsløysingar som automatar, kameraløysing, naudsynte fysiske tiltak. I tillegg omfattar prosjektet opparbeiding av ny parkeringsplass i Flåm i samsvar med nyleg vedteken områdeplan for Flåm sentrum. Prosjektet inngår i sjølvkostområdet for parkering som inneber at parkeringsinntektene går til å finansiere heile prosjektet over tid. Bygging av parkeringsarealet(belegningsstein, rampe og beplantning) er i sluttfasen, sjølve parkeringsarealet stod klart til sommaren 2023. | | | | |
| 20048 | Tiltak trafikk-sikringsplan | 300 000 | 40 523 | | 300 000 |
| 20048 | Trafikktryggingstiltak i samsvar med kdp for veg og trafikktrygging. Løyvinga dekkar arbeid med rekkverk, skilting, fartsdempande tiltak m.fl. | | | | |
| 20101 | VA anlegg Lindølagrovi – Klokkar-garden | 470 000 | 39 760 | -440 000 | 30 000 |
| 20101 | Er tilrådd skyvd til 2024 på grunn av total investeringsvolum. Attståande arbeid omfattar naudsynte tiltak i høve støttemur i området som grunnlag for VA struktur i trase. Det må gjennomførast klarlegging av grenser i området, som grunnlag for inngåing av avtalar om grunn. Dette vil bli belasta prosjektnr 23004. | | | | |
| 20107 | Velferds-teknologi | - | 23 882 | | 0 |
| 20107 | Velferdsteknologiprosjekt – helsetunet, sjå saksvurdering. | | | | |
| 20108 | Høgde-basseng Fretheims-haugane | 5 000 000 | 246 566 | | 5 000 000 |
| 20108 | Byggjearbeid er i gang. Hovudandelen av arbeidet vil pågå i 2024 på grunn av kapasiteten i marknaden ihht kontrakt. Difor er posten redusert for 2023 og løyvingar handterast vidare i 2. tertial og budsjett 2024. Prosjektet har utvikla seg til tre delprosjekt, 1.Høgdebasseng Fretheimshaugane, 2. Nytt pumpemagasin Tjødni, 3. Vassleidning mellom nytt HB Fretheimshaugane - NSB basseng. Byggjesøknad for sjølve høgdebassenget er til handsaming. | | | | |
| 20113 | Nærmiljø-anlegg ABU | 3 040 000 | 2 491 248 | | 3 040 000 |
| 20113 | Ferdigstilt, sluttoppgjer pågår. | | | | |
| 20114 | Opparbeiding Ty - utbygging | 6 700 000 | 5 888 987 | 500 000 | 7 200 000 |
| 20114 | Byggjearbeid ferdigstilt. I sluttfasen er det knytt kostnadar til salsprospekt og prosjektoppfølging av dette. Det er kome inn tre søknadar frå tomtekjøparar som er tildelt. Det er også kome søknad om felt c til utbyggingsselskap som er tildelt. Sluttoppgjer pågår. | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 20123 | Miljøtiltak Flåms-vassdraget | 2 000 000 | - | -2 000 000 | 0 |
| 20123 | Vert skvyd på til 2024. Prosjektert løysingar har vore sendt elveeigarlag/grunneigarar for uttale. Er gjennomført møte med Statsforvaltaren og NVE om tiltaksplanen. Det vil bli gjennomført møte med elveeigarlaget for å avklare kva tiltak som kan gjennomførast. Dette vil danne grunnlag for eit anbodsgrunnlag for utførelsesfasen som skal lystast ut. | | | | |
| 22003 | VA Rådhuset - Trudvang - Hopen | 6 900 000 | 3 440 152 | | 6 900 000 |
| 22003 | Ferdigstilt, sluttoppgjer pågår. | | | | |
| 22005 | Klarlegging av eigedomar Skinnarviki | 250 000 | 61 700 | | 250 000 |
| 22005 | Prosjektet er i gang, det er gjennomført klarlegging av grense og grensejustering i nord ved Helsetunet og kaia. Prosjektet held fram sørover. | | | | |
| 22006 | Kjøp av husvære Ryggjatun | 8 600 000 | 5 815 600 | | 8 600 000 |
| 22006 | Delbetaling skjer etterkvart som leilegheiter blir ferdigstilte. | | | | |
| 22009 | Mur Doktorbrekka | 500 000 | 461 771 | | 500 000 |
| 22009 | Ferdigstilt | | | | |
| 23001 | Inventar nybygg Aurland Helsetun | 2 000 000 | - | | 2 000 000 |
| 23001 | Innkjøp pågår. | | | | |
| 23003 | Utskifting av maskiner og utstyr teknisk, jf utskiftingsplan. 2023 | 3 200 000 | 893 649 | | 3 200 000 |
| 23003 | Maskiner/utstyr er bestilt og fakturaer er venta ved leveranse. Prosjektet skjer i samsvar med utskiftingsplan. | | | | |
| 23004 | Oppgradering kommunale vegar, jf hovudplan. 2023 | 2 700 000 | 30 000 | | 2 700 000 |
| 23004 | Prosjektet er i gang og det blir utført fleire delprosjekt i samsvar med hovudplan for veg. Prosjektet ved Håreina vert skyvd på, på grunnlag av at Banenor ikkje kom i gang i vår. Rehabiltering av mur på Leina vert gjennomført i haust. På grunn av utrasinga av mur på Flåmsdalsvegen ved Leina vert nokre delprosjekt sett på vent. Mur på Flåmsdalsvegen låg inne i 2024 i vedtatt økonomiplan og det er tilrådd å nytte midlar i 2023 til oppattbygging av ny mur hausten 2023. Istandsetting av veg Fretheimshaugane blir utført i haust. | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 23006 | Rehabilitering Aurland stadion - ny kunstgras-bane | - | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| 23006 | Prosjektet vart jobba mykje med i starten av året. Etter dialog med fotballgruppa er prosjektet ønskja skyvd til 2024 for planlegging av endeleg val av løysing og ny anbodsrunde. Prosjektet må sjåast i lys av nyleg vedteken forbod mot gummigranulat som trer i kraft i 2031, med utfasing i perioden fram til dette. Anbodsrunden som vart gjennomført i vinter synte tilbod på kr 14,5 mill for kunstgrasbane. I tillegg må det påreknast 2 mill til løpebaner som også bør skifitast i samband med dette. Det har vore gjennomført møte med leverandør av bane i nabokommune for å legge til rette for tilsvarande løysing. Ny anbodsrunde vil bli gjennomført i haust som dannar grunnlag for finansieringssak til budsjett 2024. | | | | |
| 23007 | Generell oppgradering Infrastruktur | 500 000 | 532 479 | | 500 000 |
| 23007 | Ferdigstilt. | | | | |
| 23008 | Bygnings-messige tiltak-omstilling og sam-lokalisering | 200 000 | 273 444 | 100 000 | 300 000 |
| 23008 | Rapport levert frå konsulent. Vidare arbeid vert handtert gjennom politiske prosessar og vurderast i økonomiplanprosess. | | | | |
| 23018 | Toalettbygg Brekkestien | 1 500 000 | - | | 1 500 000 |
| 23018 | Nytt toalettbygg er bestilt og er venta levert i oktober. Byggjesøknad er under arbeid. | | | | |
| 23019 | Raskostnadar E16 Flåm-Aurland | - | 295 742 | | 0 |
| 23019 | Kostnadar knytt til handtering av alternativ transport etter skredhendinga. Denne posten vert flytta til drift. | | | | |
| 85039 | Parkering Flåm Kyrkje | 300 000 | 66 769 | | 300 000 |
| 85039 | Står att arbeid ifht oppfølging av inngått avtale i høve frådelingar og oppmålingsarbeid. | | | | |
| | **T O T A L T** | **150 609 000** | **104 253 211** | **- 4 000 000** | **146 609 000** |

Ny bevilgningsoversikt investering.

| | Budsjett 2023 | Nytt Budsjett 2023 |
|---|---|---|
| Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap) | | |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 150 609 000,0000 | 146 609 000,0000 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | - | |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 650 000,0000 | 750 000,0000 |
| 4 Utlån av egne midler | - | |
| 5 Avdrag på lån | - | |
| **6 Sum investeringsutgifter** | **151 259 000,0000** | **147 359 000,0000** |
| | | |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | 21 501 000,0000 | 34 000 000,0000 |
| 8 Tilskudd fra andre | 51 245 000,0000 | 23 600 000,0000 |
| 9 Salg av varige driftsmidler | 4 800 000,0000 | 9 800 000,0000 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | - | |
| 11 Utdeling fra selskaper | - | |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | - | |
| 13 Bruk av lån | 42 800 000,0000 | 39 000 000,0000 |
| **14 Sum investeringsinntekter** | **120 346 000,0000** | **106 400 000,0000** |
| | | |
| 15 Videreutlån | 6 000 000,0000 | 6 000 000,0000 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | 6 000 000,0000 | 6 000 000,0000 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | - | - |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | - | - |
| **19 Netto utgifter videreutlån** | **-** | **-** |
| | | |
| 20 Overføring fra drift | - 35 307 000,0000 | - 46 307 000,00 |
| 21 Avsetninger til bundne investeringsfond | - | |
| 22 Bruk av bundne investeringsfond | - | |
| 23 Avsetninger til ubundet investeringsfond | 4 800 000,0000 | 5 754 000,0000 |
| 24 Bruk av ubundet investeringsfond | - 3 306 000,0000 | - 3 306 000,0000 |
| 25 Dekning av tidligere års udekket beløp | 2 900 000,0000 | 2 900 000,0000 |
| **26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger** | **- 30 913 000,0000** | **- 40 959 000,00** |
| 27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp) | - | - |

# HR og organisasjon

**Vedtak om ny organisering av Aurland kommune**
2. tertial har vore prega av omfattande arbeid med omstillingsprosjektet. Mange tilsette har brukt tid på å involvere seg i arbeidsgrupper, prosjektgrupper og gjeve innspel i dei ulike delprosjekta. Det har kome tilbakemeldingar om at det har vore høg aktivitet i organisasjonen på bakgrunn blant anna omstilling og endring av fleire elektroniske system. Det har vore gjort ein god innsats av leiarar, tillitsvalde, verneombod og prosjektdeltakarar.

4. juli fatta kommunedirektøren vedtak om ny organisering av Aurland kommune frå 1. januar 2024. Frå før har kommunestyret vedteke kommunalområde med kvar sin kommunalleiar. Kommunalleiarane for dei tre kommunalområda blei tilsett frå 1. august 2023, til liks med oppstart av ny strategisk leiargruppe (SLG). SLG er styringsgruppe for implementeringsfasen i omstillingsprosjektet hausen 2023.

I slutten av 2. tertial fekk Aurland kommune avtale med konsulentmiljøet Bedre Organisasjon om bistand med implementering av ny organisasjon. Endringar i oppgåver og ansvar gjer at kommunen må gjennomføre prosessar for å få gode overgangar, og vurderte difor å bruke ressursar på konsultentbistand. Implementeringsfasen består i individuelle samtalar, workshops i ulike arbeidsprosessar og oppgåveendringar, opplæring for nye leiarar, oppfølging av ny strategisk leiargruppe (nivå 1) og nytt leiarforum (nivå 2) m.m. Bedre Organisasjon har først og fremst oppfølging av kommunalområde helse og omsorg, men i tillegg rettleiing i arbeidet av ny organisasjons- og styringsplan og har bidrege med leiaropplæring.

## Sjukefråværsstatus




Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2. tertial er 6,77% inkludert eigenmeldingar. Det er ein reduksjon frå 8% i 1 tertial. I slutten av perioden er sjukefråværet nede på 4, 82%, noko som er lågt i kommunesamanheng.

## Tilsette arbeidstakarar




Totalt er det 257 tilsette og 207,4 årsverk. Gjennomsnittsstilling er 80,7%, noko som er ei auke frå 1. tertial då gjennomsnittsstilling var 78,6%.
Snittalder i Aurland kommune er 45,9 år.

**Kommunen som opplæringsarena**
Det er 7 lærlingar i kommunen. Nesten 3% av arbeidsstokken, noko som er eit godt resultat. Likevel ynskjer vi enda fleire. Det er god kontakt med opplæringskontoret og Aurland kommune.
Me har i tillegg mål om å ta i mot fleire studentar. Fleire profesjonsretningar på høgskulane

krev at det er tilsette med rettleiarutdanning på praksisstaden for at vi kan ta i mot studentar. Dette har me i kommunalområde helse og omsorg, men me ynskjer fleire rettleiarar i oppvekst. Dette blir eit satsingsområde framover, særskild i skulane.
Kommunen fullfinansierer fleire utdanningar for å satse på eigne tilsette. Dette vurderast som eit viktig satsingsområde framover for å skaffe tilstrekkeleg med kompetanse og satse dei som vil bu og arbeide i Aurland.

**Rekrutteringstiltak**
Til liks med fleire andre småkommunar i distriktet har Aurland kommune utfordringar med å rekruttere til dømes sjukepleiarar, vernepleiarar, legar og barnehagelærarar. Det har blitt jobba med ulike rekrutteringstiltak sida kommunestyre vedtok strategi for å behalde, utvikle og rekruttere innan helse og omsorg hausten 2021.

| Tiltak for å behalde og rekruttere | Kommentar |
|---|---|
| Heiltidserklæring med fleire tiltak | Blant anna å tilby alle tilsette mellom 75-99% å auke til 100% stilling. 5 av 40 ynskjer å auke. |
| TØRN-prosjekt | TØRN står for vri. Rett kompetanse til rett tid. Med færre sjukepleiarar må sjukepleiarkompetanse nyttast fullt ut. Dei skal ikkje gjere oppgåver som assistentar kan utføre. |
| Arbeidstidsordningar | Prøve ut heildagsturnus. |
| Auka lønn til pedagogiske leiarar | Mottek kr. 40.000 over tariff i året. |
| Ekstra laurdags- og søndagstillegg i turnus | |
| Rekrutteringstilskot til sjukepleiarar, vernepleiarar og barnehagelærarar | Kr. 100.000 etter 2 år |
| Auka lønn til kontaktlærarar på skulane | |
| Stipend til studentar på sjukepleie-, vernepleie og barnehagelærarstudie. | Etter søknad kan få kr. 50.000,- i stipend i året. |
| Auka sats for etterutdanning. | Kan få kr. 30.000 for 60 studiepoeng når studie er avtalt med leiar. |
| Kjøp av 3 leilegheiter på Ryggjatun. | Leilegheiter til tilsette. |
| Ny rekrutteringsmodul (søkjarbase) | Jobbnorge er visuelt finare og praktisk lettare for søkjarar. |
| Brosjyre om Aurland kommune | Syne fram kommunen og fasilitetar me kan tilby. |
| Rekrutteringsfilm om kommunen som arbeidsplass. | Ligg på Youtube og heimeside og kan leggast ved som link i stillingsannonsar osv. |
| Auka lønn til tilsette i turnus ved ekstraarbeid om sommaren. | Skal redusere behovet for bruk av vikarbyrå. |
| Møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod kvar månad. | Partssamarbeidet er viktig for å finne løysingar. Siste møte handla om seniortiltak for å stå lengre i arbeid. |
| Fullfinansiering av utdanning. | Storsatsing på barnehagelærarar i 2023 med 4 tilsette som får fullfinansiert utdanning. Bindingstid på 2 år etter fullført utdanning. |
| Ekstra løn til praksis- og lærlingrettleiarar | Aurland kommune gjer kompensasjon til tilsette som bidrar til kompetanseheving og rettleiing. |

# Tenesteeiningar

## Politiske organ

**Kjerneoppgåver:**
- Ordførar
- Møte i folkevalde organ
- Gjennomføring av val

**Viktige hendingar:**
Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan for kommunestyret, formannskapet og levekårsutvalet. Det var to ekstra møte i formannskapet (4. mai og 14. juli), som var unnateke offentlegheita. For plan- og eigedomsutvalet var det eit ekstra møte (3. juli), for å imøtekomme krav om sakshandsamingsfrist.

I perioden har det vore oppgåver knytt til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023. Det har vore førebuingar knytt til valet, samt vore gjennomført tidlegrøysting og førehandsrøysting.

**Mål/utviklingsområde:**
Vedtakskodeoversikta syner status for dei politisk handsama sakene denne perioden.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett per.b(end)** | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 2.555.244,- | 3.054.347,- | 19% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 2.770.979,- | 3.272.064,- | 18% |

Forklaring avvik:
Dobbel godtgjering til ordførar i 3 månader.
Kontingentar har auka og ligg over budsjettert.
Feilføring (skal rettast opp)

## Sentraladministrasjonen

**<u>Forvaltning og utvikling (FORUT)</u>**
Leiar Steinar Søgaard (fag) / Beathe Ekhall Stentvedt (personal) - fram til 14.08.2023

**Kjerneoppgåver:**
- Kommunal planlegging
- Byggesakshandsaming
- Næringsretta arbeid
- Handsame søknader konsesjonsavgiftsfondet
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Konsesjonskraft
- Miljø og vassforvaltning

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Kommuneplanen
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde
- Nordfjellarådet
- Koordinere arbeid med miljø, klimatilpassing og vassforvaltning

**Viktige hendingar:**

- Arbeid med arealdelen
  - Grendemøter
  - Arbeid med kunnskapsgrunnlag
  - Starta arbeid med føresegner, planomtale og plankart.
- Vedtak av områdeplan Flåm
- Kulturarvplan: Ferdigstilling av høyringsutkast
- Testing av Gnist-konsept 2. juni -Fjorden som ferdselsrute
- Påmeldt Direktoratet for byggkvalitet sin kampanje om trygge og lovlige boforhold fra alle.
- I samband med omstillingsprosjektet er Forut overført til Samfunnsutvikling frå 01.08.23
- Flytta kontor til Samfunnsutvikling i 1. etg. på rådhuset

**Mål/utviklingsområde:**

- Utgreie og etablere interkommunale samarbeid innanfor aktuelle fagområde innanfor samfunns-, næringsutvikling og forvaltning
- Lokal plan for aldersvennleg samfunn / levande lokalsamfunn
- Revidering av reglane for konsesjonsavgiftsfondet

**Støtte og digitalisering (STØDIG)**

Leiar Beathe Ekhall Stentvedt

**Kjerneoppgåver STØDIG:**

- Arkiv/dokumentsenter
- Sentralbord og resepsjon
- Politisk sekretariat
- Informasjon
- Val
- Løn og personal
- Økonomi og rekneskap
- IKT

**Viktige hendingar (STØDIG):**

- Val av nytt system for sak, eByggesak og utvalshandsaming. Dette er Elements frå Sikri. Oppstart 20. november 2023.
- Val og igangsetting av nytt rekrutteringssystem
- Bistått VisitSognefjord med lokale og praktisk hjelp til turistinformasjon
- Starta innføring og bruk av Framsikt for økonomiplan og budsjett
- HR og organisasjon organisert som eige område frå 01.08.23 i samband med omstillingsprosjektet

- Avholdt folkemøte i Flåm om oppvekstsenter 31.05.23
- Innføring av frittståande arkivkjerne, Documaster.
- Området Thy-Volda -Skjerdal ferdig utbygd fiber til heimen (FTH)
- Anbod ute for utbygging av breiband Bakka/Tufto

**Mål/utviklingsområde STØDIG:**
Informasjonssikkerheit og personvern
Digitalisering og smarte prosessar
Opplæring politikarar – ny kommunestyreperiode
Anbodsprosess på ny innbyggarportal
Overgang nytt sentralbord for legekontoret

**Fellesoppgåver som sentraladministrasjonen har ansvaret for (tverrfagleg):**
Sentraladministrasjonen har ansvar for intern tenesteyting ved støtte og digitalisering og samfunnsutviklingsoppgåver ved forvaltning og utvikling.

**Kort resultatvurdering:**
Det er blitt jobba med omstillingsprosjektet i kommunen. Er i gang med opplæring av Elements og planlegging av overgangen. Planlegging av opplæring for ny kommunestyreperiode.
Drift av tenester går som normalt.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 19.987.164,- | 21.495.710,- | 10% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 29.876.984,- | 29.090.938,- | -3% |

Skulefagleg ansvarleg - Lønn til kommunalleiar oppvekst frå 01.08.23 er ikkje budsjettert, og dette fører til usikkerheit mht totalramma ansvar 110.Overføring til privat barnehage er og ein usikker faktor.

## Kultur

**Kjernefunksjonar:** Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnd, Sti og løypeplan arbeid, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, Kommunal Veterankontakt m.m

**Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:**
Kulturarvteam, Kulturarvplan, Ungdomsrådet, Den kulturelle Spaserstokken, Den kulturelle skulesekken, UKM

**Viktige hendingar:**
**Kulturskule**
Kulturskulen hadde fleire konsertar før sommarferien, ein i AIS den 5. juni, der musikkelevane fekk vise fram det dei hadde øvd på. Så hadde me danseframsyning 20. juni i AIS med danseverkstaden, der dei fekk vise fleire av dei innøvde dansane. På begge konsertar var det omtrent full sal. Under Aurlandsmarknaden hadde kulturskulen eigen underhaldning, der det vart vist fram både musikk, song, band og dans. Sidan oppstarten etter sommarferien, så har elevtalet auka betrakteleg og me tel no 62 elevar, og 87 elevplassar. (Til samanlikning var det 42 elevar og 66 elevplassar i vår). Det vil seie at det er fleire elevar på skulen no og det er fleire elevar som deltek på fleire fag, og det er særs

gledeleg! I tillegg leverer kulturskulen tenester til helsetunet kvar måndag, då er Øyvind der og spelar og syng med dei eldre, 45 minutt på kvar avdeling. Han er også på dagsenteret 1 gong i månaden. Me har starta undervisning ved Flåm skule, og tilbodet til barnehagane.

**Arbeid med barn og unge/klubb**
Oppmøtet på klubben har vore stabilt og godt alle dagar/kveldar før sommaren, og me opplever at klubben er ein meiningsfull og viktig del av kvardagen for dei unge i Aurland som nyttar tilbodet. Klubben har vore ope til ordinære opningstider tre kveldar i veka. Me har hatt opplæring med nye to nye tilsette som skal fortsette å jobbe på klubbe til hausen. Me har som mål å få til ei glidande overgang der ungane får tid til å bli trygg på dei vaksne og venje seg til ny personalgruppe. I tillegg til anna aktivitet har klubben i 2023 hatt eit særleg fokus på psykisk helse på klubben. Etter oppstart i haust har fleire nye born og unge komme til klubben, for dette er ein viktig uformelt samlingsplass for dei unge. Det vert planlagt aktivitetar, laga mat og elles opplegg som ungane ynskjer. Dei er alltid med på planlegginga.

**Biblioteket**
I samarbeid med dei andre biblioteka i Sogn har me søkt om midlar og planlagt ein del bokpresentasjonar med kjende forfattarar til hausten.
Sommarles 2023- Lesekampanje for born i alder 1.-8.kl. Har vore kjempevellukka, og me har hatt sommarles-avslutning med teater for alle i AIS. Mange frammøtte og fine premiar vart utdelt.
Til saman har dei 38 påmelde elevane (i fjor 27) lest 499 bøker (i fjor 308) og til saman 41.910 sider (i fjor 21.693), som det går fram i teksten ei vesentleg auke frå i fjor. Sommarles er viktig med tanke på å halde lesedugleiken oppe i sommarferien, og me har eit godt samarbeid med skulane.
Mairebusen opp til Dagsturhytta var populær, fleire som deltok.
Det vert jobba med å skaffe eit nytt biblioteksystem.

**Galleri Vinjum**
Styret i Galleri Vinjum har jobba mykje med Johs. Vinjum sitt minnelegat 2023. Det var til saman 18 søkjarar, og ein verdig vinnar Astrid Johanne Johannessen tok imot stipendet i september. Ho har hatt utstilling i gjestegalleriet i heile september. Galleriet har hatt guide i sommar, som har teke imot gjester og tilreisande på ein framifrå god måte. Det er hengt opp ny banner på utsida av Heradshuset, med logo og bilde til Galleri Vinjum.

**Kulturadministrasjon**
Kransenedlegging 8. mai og Aurlandsmarsjen gjekk av stabelen 8. aug, med færre deltakarar enn før om åra, eit samarbeid med Røde Kors og Venner av Aurlandsdalen.
Kulturminnedagar vart gjennomført på Bakka i samarbeid med Nærøyfjoren Verdsarvpark.
Fleire møter for styret i Galleri Vinjum og Nynorske Litteraturdagar. Kulturmidlar er behandla og utdelt i år som i fjor. Vedtaket om fredinga av Otternes er handsama av kommunestyret og vidaresendt til Vestland Fylkeskommune. Det er jobba godt for å få kulturarvplanen på plass i løpet av året 2023.

**Nynorske litteraturdagar**
Mykje arbeid med årets NL og programmet er klappa og klart 20. og 21. oktober er det festival. Styret håpar sjølvsagt på suksess i år også og håpar at mange vil ta turen til Aurland kommune denne helga. Skulane og barnehagane får besøk av forfattar Ruth Lillegraven og ungdomsskulen av Tor Arve Røssland under NL

**Mål/utviklingsområde:**
- Innkjøp av nytt biblioteksystem til hausten saman med dei andre kommunane i IKTNH.
- Me vil gjere kulturskulen til ein ressurs i samfunnet, slik at fleire kan få nytte seg av tilbodet.

**Kort resultatvurdering:**
Me jobbar mot måla våre og står på for å følgje årshjulet til kultureininga

**Økonomi/ressurs:**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 3 269 923 | 2 695 671 | -18% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 5 063 247 | 4 750 600 | -6% |

Mindre forbruk skuldast fleire vakante stillingar som me har køyrt reserveløysingar på. Me ser at behovet for heile stillingar er vesentlege for å få gjort ein del oppgåver som ligg på kultur og at me treng kontinuitet for å lukkast i arbeidet vårt

## Aurland barne- og ungdomsskule

**Kjerneoppgåver:**
Skulen skal gi ei tilfredsstillande og tilpassa opplæring til alle elevar. Dette skjer gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er *«ABU skal vere ein skule for alle, med blikk for den enkelte.»*

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Skulen har nære relasjonar til PPT og helsesjukepleiar. Samarbeidspartnarar som står meir i tredjeline til skulen er BUP og andre fagspesifikke kompetanseteam. Skulen pliktar å samarbeide med alle partar til det beste for barnet.
Skulen har og oppgåver knytt til vaksne som har trong for vaksenopplæring eller norskopplæring.
Skulen er naturleg part i prosjektet som no heiter innsatsteam. Skulen er formidlar av tilbodet til føresette, men og ein part som skal legge til rette for gode tiltak i den vidare prosessen.
Skulen har «handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune» som eit godt dokument for å opparbeide og vedlikehalde eit trygt og godt skulemiljø. Denne planen vart vedteken i februar 22.

**Viktige hendingar:**
- Munnleg prøveeksamen samt munnleg og skriftleg eksamen for 10.klasse - mai 23
- Standpunktvurdering og utdeling av vitnemål på avslutningsfest for 10.klasse - juni 23
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Ulike lokale prosjekt på skulen som nyttar dei tre nye tema berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring
- Førebyggande arbeid som deltaking hjå Politikameratane og lokale MOT-økter på skulen

**Mål/utviklingsområde:**
- Sikre at det vert trygge og gode overgangar. Frå barnehage til skule, frå småskulen til mellomsteget, frå mellomsteget til ungdomssteget og frå ungdomssteget til vidaregåande skule
- Resultat på eksamen og vitnemål som elevane er stolte av

- Kartlegge og finne elevar som treng ekstra oppfylging i skulekvardagen slik at rett tiltak til rett tid kan bli effektivisert. Å finne elevar som treng ekstra oppfylging betyr både dei som strevar, men og dei som har gode eller svært gode læreforutsetningar
- Nulltoleranse mot mobbing og krenkelse: førebygge, informere, kartlegge, eventuelt setje inn tiltak
- Gi god norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Pedagogisk utviklingsarbeid i profesjonsfellesskapet har sidan august 2022 handla om å implementere ein heilskapleg vurderingspraksis. Det er nye forskrifter for vurdering i skulen og ABU har arbeida med å justere sin vurderingspraksis slik at den stettar dei nye forskrifta. Skuleåret 23-24 vil ABU implementera det utviklingsarbeidet ein har jobba med.

**Kort resultatvurdering:**

Avvik i drifta på ABU finn ein først og fremst innan fastløn og variable løn.

- Det er ikkje budsjettert med heilårsverknad for to tilsette som blei rekruttert inn sommaren 2023.
- Nytilsette med høgare løn enn dei som vart erstatta
- Ny ressurs frå barnehage er flytt over til ABU
- 2 nye tiltak med tilrettelegging
- Integrering (skal dekkast av integreringsfondet)
- Avvik i forventa reduksjon lærarstilling (slår inn frå 01.01.24)
- Overtidsbruk som ikkje er budsjettert

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 13 987 544 | 13 252 009 | 6% |
| **Budsjett heile året** | **Prognose** | |
| 20 901 946 | 23 418 818 | 12% |

# Flåm barnehage

**Kjerneoppgåver:**
Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

**Viktige hendingar:**

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Arbeid med Framsikt
- Kompetanseheving innan COS
- Førebyggande plan for barn/unge
- Tilsett tek utdanning - barnehagelærar
- Rekrutteringstiltak

**Mål/utviklingsområde:**

- Rekruttere fleire barnehagelærarar
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet
- Endre vedtektene

**Kort resultatvurdering:**

| Aurland 2022 | Landet 2022 |
|---|---|
| 26,8 | 43,5 |

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 2022. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma, arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett per. 30.08** | **Rekneskap pr. 30.08** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 3 225 023,68 | 2 985 846,63 | -7% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 5 292 768 | -5 279 409 | -0,25% |

**Kommentar og evt. tiltak under**

- Kontinuerleg oppgradering av pedagogisk material både ute og inne
- Redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt
- Auka betaling av lisensar
- Skjult kostnadar, gunna mangel på tilsette
- Lærlinglønn
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året
- Grunna auke i småbarn treng me fleire barnehagelærarar, for å halde pedagognorma

## Aurland barnehage

**Kjerneoppgåver:**
Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.
**Viktige hendingar:**

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor lovmessig med rett på barnehageplass
- Arbeid med Framsikt
- Kompetanseheving innan COS
- Førebyggande plan for barn/unge
- Tilsett tek utdanning - barnehagelærar
- Rekrutteringstiltak

**Mål/utviklingsområde:**

- Rekruttere fleire barnehagelærarar
- Helse på tvers/COS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet
- Endring av vedtektene

**Kort resultatvurdering:**

| Aurland 2022 | Landet 2022 |
|---|---|
| 26,8 | 43,5 |

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 2022. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett per. 30.08** | **Rekneskap pr. 30.08** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 6 406 775,47 | 6 325 682,19 | - 1% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 10 504 867 | 10 144 586 | - 3% |

**Kommentar og evt. tiltak under**

- Redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år
- Vedtak på barn som treng ein til ein, auke i bemanning frå august 2021, det eine tiltaket går over i skulen frå august 2023 og det andre må vidare førast frå august 2023
- Lærlinglønn
- Auka betaling av lisensar
- Nedtak i brukarbetaling midt i budsjett året.
- Auke av grunnbemanninga for å støtte oppom flyktningbarn

# Flåm skule

**Kjerneoppgåver:**
Drive undervisning og tilpassa opplæring. Elevane skal ha god og tilpassa undervisning basert på god planlegging og kontinuerleg vurdering. Skulen skal bidra til at kvar og ein elev får utvikla seg personleg, fagleg og sosialt i samspel med vaksne og andre barn. Skulen skal skape eit trygt og godt skule- og læringsmiljø, der psykisk helse er i fokus. Dei vaksne på skulen skal følgje elevane tett i leik og læring.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Skulen er ein del av det generelle læringsmiljøet barn ferdast i, og samarbeidar med alle etatar som arbeider med og for barn, både lokalt i kommunen og regionalt i region Sogn. Skulen er med i prosjekt under «System for styrka læring i Sogn 2022-2030», og er med i ulike fagnettverk og i pedagogisk utviklingsteam.

**Viktige hendingar:**
- Ved skulestart kom to nye elevar som treng utvida norskopplæring då ingen av dei snakka norsk frå før, i tillegg til eleven frå Ukraina med same behov.
- Oppstart av nytt skuleår med ytterlegare redusert barnetal og mangel på fagutdanna lærarar.
- Personalet ved Flåm skule har starta opp eit prosjekt med servering av varm mat til elevane på måndagar. Dette tiltaket er finansiert utanfor det kommunale budsjettet.

Rekrutteringsutfordringane vart løyst med midlertidig tilsetting av ein barnehagelærar og ein fagutdanna kokk i lærarstillingar dette skuleåret.

**Mål/utviklingsområde:**
- Fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på livsmeistring og god psykisk helse – jfr. «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 – 2023»
- Ha sterkt fokus på fagområda i programplanen for «System for styrka læring i Sogn 2022 – 2030», og nytta element frå desse i felles planarbeid og dagleg undervisning
- Implementere skulen sin lokale plan for sosial kompetanse
- Tydeleg fokus på å utvikle sosial kompetanse i tråd med Sosial kompetanseplan for Flåm skule

**Kort resultatvurdering:**
Skulen og SFO vert drifta så nøkternt og løysingsorientert som mogleg med utgangspunkt i rammer og utfordringar. Timar tilsvarande 51,04% av ei pedagogstilling går til andre oppgåver enn undervisning, 10% av desse er livsfasetiltak. Rektorstillinga er sett til 50% stilling, og konstituert lærar jobbar då 50% som lærar. Det er utfordringar i høve deltaking i møter, prosjekt og opplæring.

Resultat i budsjettperioden er bra, der forbruket ligg nett under stipulert beløp.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| Budsjett per.b(end) | Rekneskap pr. 1-8 | Avvik % |
|---|---|---|
| 3 892 237,75 | 3 836 624,47 | - 1 % |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 6 293 559 | 6 201 065 | -1 % |

# Helse og førebygging

**Kjerneoppgåver:**
Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Førebyggjande arbeid, mellom anna det nye innsatsteamet retta mot barn og unge. Arbeid med førebyggjande plan for barn og unge.
Eininga deltek i arbeidet kring Leve Heile Livet reforma med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

**Viktige hendingar:**
- Det vart rekruttert ergoterapeut som skulle starte opp medio august. Dessverre valde tilsett å sei opp stillinga si før oppstart.
- For å avhjelpe fysioterapeutane som utfører ergoterapioppgåver i mangel av rett kompetanse, er det rekruttert inn ei fysioterapeut i engasjement stilling frå neste tertial.
- Helsesjukepleier i engasjement stilling på prosjektmidlar går ut i permisjon i september. Det er søkt om overføring av restmidlar til 2024.
- Helsestasjonen er saman med dei andre IKTNorhordaland kommunane oppe å går på nytt journalsystem - Visma HSPRO.
- Dei vakante legestillingane har vore utlyst utan søkjarar. Stillingane vil bli lyst ut på nytt. Det blir i samanheng med nye utlysingar sett på alternative tilsettingsformar og anna marknadsføring av stillingane enn tradisjonelt Dette med mål om å få tilsett legar i dei vakante stillingane.
- Det vert 2 nye vikarlegar frå neste tertial. Eine endringa var planlagt medan den andre skuldast nyoppstått langtidsfråvær.
- Treningskontakt har sagt opp stillinga si. Stillinga vert ikkje lyst ut i første omgang, då omstillingsprosjektet på vise på kva måte denne type teneste skal ytast i framtida.

**Kort resultatvurdering:**
Det er ventetid for tenester hjå fysioterapeut og ergoterapeut. Fysioterapeutane tek etter beste evne ergoterapioppgåver.
Gode tilbakemeldingar på auka stillingsressurs på helsestasjonen.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett per.b(end) | Rekneskap pr. 1-8 | Avvik % |
|---|---|---|
| 11 884 127 | 11 933 130 | -0,41% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 19 274 038 | 20 513 298 | 6% |

Sterk auke i bruk av tolk. Dette gjeld særleg einskilde deler av helsetenesta. Dette heng saman med busetjing av flyktningar samt arbeidsinnvandrarar sin bruk av helsetenesta.

Eininga ligg pr 2 tertial kring akkurat på budsjett.

**Budbil**
Avtalen med Lærdal Frivillighetssentral er avslutta. Kommunen måtte ut å finne ny leverandør for budbiltjenester. Dette gjelder kjøring av blodprøver til laboratoriet i Lærdal. Kostnadene ved å bruke en ordinær budbil sammenlignet med frivillighetssentral er

omlag100.000 kroner dyrare.

**Kjøpe ut legebilen**
Mottatt prisoverslag på kr 260.000. + omregistrering for utkjøp av bilen. Dette er økonomisk fornuftig å gjere.

## NAV Aurland

**Kjernefunksjonar:**
NAV Aurland har ansvar for budsjettområde 301. Her inngår økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, flyktningtenesta, midlertidig bustad og gjeldsrådgjeving. I tillegg har NAV-kontoret ansvar for Husbanken sine startlån og tilskot. Kontoret har ansvar for utleigebustader til vanskelegstilte . NAV-kontoret har ansvar for dei statlege ordningane til NAV med oppfølging av brukarar innan sjukefråvær, arbeidsavklaringspengar og arbeidssøkjarar m.m.

**Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:**
NAV Aurland og NAV Lærdal har felles leiing og samarbeider om tenesteproduksjon og beredskap. Kontora har felles flyktningteneste med vaksenopplæring, der Aurland kjøper desse tenestene frå NAV Lærdal. Vanskeleg å skaffe nok bustader til busetting av flyktningar.

**Viktige hendingar:**
Pågåande prosjekt om utgreiing av mogelege alternativ for organisering av nav-kontoret. Politisk er saka utsett fleire gonger, og skal opp att hausten 2023.

**Mål/utviklingsområde:**
Vedtak om busetjing av flyktningar er det viktigaste styringssignalet til NAV-kontoret på kommunal side. God økonomirådgjeving, formidling og støtte til arbeidslinja på brukarnivå. Sikre barneperspektivet i sosialsaker.

**Kort resultatvurdering:**
Det er busett 8 flyktningar pr. andre tertial. God drift, få arbeidsledige. Utgifter til sosialhjelp er noko aukande, og det kan medføre ei mindre overskriding av budsjettet i år.

**Økonomi/ressurs:**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 1.380.468 | 1.322.442 | - 4% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 2.070.702 | 2.150.000 | + 4% |

## Aurland og Lærdal barnevern

**Kjerneoppgåver:**
Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette inneberer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar. Utviklingsplanen til barnevernet har med dette som eige punkt i arbeidet framover
Barnevernet deltek i Innsatsteam.
Frå 1.1.22 skal kommunen ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Arbeidet med planen har starta opp og tenesteleiar barnevern har prosjektansvar for gjennomføring og ferdigstilling av planen

**Viktige hendingar:**

- Vakanse på tiltaksarbeidar stillinga, men ny medarbeidar startar i juli 23.
- Kommunen har frå 1. januar 2022 overteke større delar av ansvaret for barnevern, herunder tiltak til utsette barn og unge.
- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta i Aurland, men det er ein liten auke frå førre år. Til liks med utviklinga elles i landet ser me at sakene er meir komplekse og arbeidskrevjande.

**Mål/utviklingsområde:**

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er komme i gang att, og tenesta har inngått avtale med Visma Veilederen. Dette verktøyet vil vere eit løft i høve opplæring og eigenleiing i tenesta.
- Ingen fristbrot.
- Arbeidsmiljø vert fokus framover, både å vedlikehalde og sikre eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette.
- Oppvekstreforma er framleis aktuell og set krav til kommunen. Det vil utfordre kommunen til å sjå oppvekstområde og tiltaksporteføljen vår meir under eitt, og er spennande utviklingsarbeid for heile oppvekstsektoren

**Kort resultatvurdering:**
Tenesta har utfordringar med å få stabil bemanning på tiltak, dette må jobbast vidare med gjennom hausten. Per 25.09.23 står stillinga som tiltaksarbeider vakant
Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring. Dei tilsette vert oppmoda til å ta vidareutdanning i barnevern, etter dei studieforløpa som Bufdir tilbyr. Dette skal bidra til at tenesta stettar kompetansekrava etter 2030.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 2.934.986 | 2.912.551 | 0,77% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 2.969.843 | 2.878.549 | -3% |

Per 2.tertial ser tenesta ut til å ligge over budsjett. Slik det framstår skuldast dette at periodisering av refusjon frå Lærdal er feil. Eining vil halde seg innanfor vedteke budsjett.

## Pleie og omsorg

**Kjerneoppgåver:**

Kartlegging, planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- **Institusjonstenester**
    - Helsehjelp, behandling, avlastning, korttidsopphold, og langtidsopphold i institusjon

- **Tenester i eigen heim/omsorgsbustad**
    - Helsehjelp, praktisk bistand og rettleiing, opptrening og matombringing, tryggleiksalarm/velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, samt dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytarar, som ergoterapeut, fysioterapeut, tilsynslege, fastlege, tannlege, og spesialisthelseteneste. Samhandling og samarbeid internt med tenesteeiningar på helse og omsorg, teknisk på bygg /bustader, og med kultur og skule for sosialt samvær, trivsel og underhaldning.

**Viktige hendingar:**
- BHT-samarbeidsplan for 2023 utarbeida 23.01.2023
  Undersøking av inneklima følgt opp september `23 med gjennomgang helsetunet og 2.etg 1978-fløy.
- Deltaking i læringsnettverk i regi av KS, TØRN: organisering av helse og omsorgstenester
    - Samlingar, veiledning og arbeidsgruppemøter. Teambuildingsdag 2 → 01.11.2023
- Kunngjering av kommunalt utdanningsstipend saman med bu og miljøtenester jf. KS sak: 096/21
- Samarbeid med kultur om kulturell aktivitet på Aurland helsetun, plan for 2023.
- Leve heile livet reforma
    - Matombringing; meny tilgjengeleg for innbyggjarar på kommunen sin nettside
- Heildøgns omsorgsbustader, ferdig hausten 2023
    - Namnekonkurranse for nybygg
    - Arbeidsgrupper med fokus på:
        - Velferdsteknologi til nybygg
        - Teknologi (informasjonsskjerm, TV-skjerm, videokonferanseutstyr)
        - Inventar (møbler)
        - Hjelpemiddel, takheis og vendeseng.
- Gode pasientforløp
- Nytt EPJ-system, innføring og opplæring. Visma Profil.
- Opplæring og oppstart med Framsikt – nytt budsjett og økonomiplansystem.

**Mål/utviklingsområde:**
- Organisering av helse og omsorgstenester
    - OU-prosess/ny organisasjonsstruktur. Verdistraum analyse med Betre organisasjon.
    - Deltaking i KS sitt læringsnettverk TØRN
        - Rett kompetanse til rett tid og stad
        - Arbeids- og oppgåvefordeling. Bemanningsplanlegging.
        - Turnusordningar: langevakter. Langvakter er førebels frivillig og kan kallast ein pilot.
        - Årshjul for opplæring → ut frå eit kartlagt behov.
        - Arrangera ny team-building dag
    - Heiltidskultur
        - Lyse ut vikariat og faste stillingar som 100 %
- Delprosjekt 3 samlokalisering av helse og omsorgstenester
- Byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgns tenester

Definera brukargruppa og drift av nybygg.
Ein omsorgsbustad kan væra eit rom, treng ikkje nødvendigvis være ei leilegheit.
    - Velferdsteknologiske løysingar til nybygg
- Implementering av nytt journalsystem (EPJ) Visma Profil
- Innføring av velferdsteknologiske løysingar i heimetenesta og institusjon
- Leve heile livet
    - Mat og ernæring
    - Frivillige måltidsvenner
    - Frivilligmelding
- Gode pasientforløp
- Rekruttere og behalde tilsette i helse og omsorg, inklusivt kjøkken
- Alarmsentral-avtalen
- Leasing-avtalen for bilar i heimetenesta
- Acos +, Framsikt og JobbNorge

**Kort resultatvurdering:**
I andre del av 2023 har det også vore mange ulike prosjekt. Noko er oppfølging av påbegynte prosessar, men også opplæring og implementering av nye system har komme til. Nokon døme er implementering av nytt journalsystem (EPJ) Visma Profil og produksjon av prosedyrar og malar i workshop.
TØRN prosjekt med oppgåvedeling og ny bemanningsløysing, men også planlegging av ny teambuildingsdag og skriving av sak vedrørande denne.
Velferdsteknologi til og vurdering av anbod frå NNO, NetNordicOmsorg.
Prosedyrebygging i kvalitetssystemet Netpower.
Lage gode malar for utlysing i JobbNorge, rekrutterings-systemet.
Vurdering av avtalen med alarmsentralen og NetNordic.
Intervju- og tilsettingsprosessar.
Tertialrapport. Budsjettarbeid i nytt system, Framsikt.
Det er tidvis utfordrande å få til balansen mellom driftsoppgåver og utvikling, særleg når avdelingane manglar personell. Det er ledige stillingar både i heimebaserte tenester og ved Aurland Helsetun. I tillegg har vi hatt en høgare sjukemeldingsprosent enn tidlegare år. For å få til vellykka prosess og implementering er det avgjerande å inkludere og involvere tilsette som arbeidar i avdelingane.
<u>I heimebaserte tenester er det ledig</u>:
- 100 % fast sjukepleiar /vernepleiar og 100 % helsefagarbeidar

<u>På Aurland Helsetun er det ledig</u>:
- 1 x 100 % fast vernepleiar, 1 x 100% fast sjukepleiar, 1 x 100 % fast sjukepleiar /vernepleiar
- 1x 100% vikariat sjukepleiar
- Mange ledige helger, som det er ekstra vanskeleg å rekruttere til.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 24 881 462,35 | 26 487 993,58 | 6% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 41 633 849 | 43 156 659 | 4% |

# Bu og miljøtenester

**Kjernefunksjonar:**

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

*Tenester i eigen heim/ omsorgsbustad med heildøgnsteneste:*

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, omsorgsstønad

**Tverrfaglege prosjekt og oppgåver:**
*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

**Viktige hendingar:**
Teneste- organisasjonsutvikling:

- Implementering av nytt elektronisk pasientjournal (EPJ) system frå 01.01.2023.
- Deltaking i omstillingsprosjekt, jf KS vedtak 3 og vedtak 4.
- Deltaking og leiing av organisasjonsutviklingsprosjekt fase 2 for helse og omsorgstenestene.
- Deltaking i CRPD-nettverk for gode teneste til personar med utviklingshemming, med mål om å forankre i Aurland og ta i bruk ny nasjonal rettleiar, som skal sikre betre teneste til menneske med utviklingshemming.

Drift:

- Ferieavvikling:
    - Sjukefråvær, vakanse og lite tilgang på ferievikarar førte til behov for å nytte vikarbyrå for å sikre forsvarleg drift i ferieavviklinga ved bufellesskap og BPA-tiltak. Eininga leigde inn 5 vikarar i 100% stilling i perioden juni-august. Dette har ført til eit stort meirforbruk i 2 tertial.
    - For å bøte på og få dekka inn ledige vakter i ferieavviklinga, etablerte bu og miljø og pleie og omsorg ordning med tilbod om ekstra påskjønning for tilsette som tok på seg ekstravakter i veke 25-34. Dette vart nytta i pleie og omsorg ferien 2022, og vart sett på som effektfullt. Dette har ført til eit meirforbruk i 2.tertial for eininga.
- Har starta arbeid med å etablere ny arbeidstidsordning ved ei av avdelingane, med oppstart februar 2024. Tiltaket skal bidra til at fleire får heile stillingar, og reduserer bemanningsbehovet, endringa er i regi av TØRN-prosjektet.
- 2 tertial har vore prega av endring på leiarsida i avdelinga:
    - Grunna fråvær, vart det tilsett 100 % vikar i avdelingsleiarstillinga frå 1. mai. Fokus på opplæring i driftsoppgåver for vikar.
    - Tenesteleiar vart konstituert som kommunalleiar 1.8.23, og har ansvar for implementering av ny organisering i kommunalområdet frå 1.1.24. Overtok prosjektleiaransvaret for KS vedtak 3 i omstillingsprosjektet.
    - I lys av at tenesteleiar skulle over i andre oppgåver, og at kommunen er i ein omstillingsprosess, var det behov for å rigge eininga ytterlegare for å sikre forsvarleg drift. Ny avdelingsleiar starta i eininga den 7.8.23.
    - Kommunalleiar har mynde som tenesteleiar i bu og miljøtenesta ut året, jf. kommunedirektørens vedtak om ny organisering frå 1.1.24. Kommunalleiar er

- o såleis delaktig i driftsmøter og føl opp drifta ved eininga, parallelt med ansvaret som kommunalleiar.
- o Ved utgangen av 2 tertial har eininga 2 avdelingsleiarar, 1 leiar i vikariat og kommunalleiar i sitt rekneskap, tilsaman 400 % i leiarressurs. Dette fører til eit meirforbruk i 2 tertial.

**Mål/utviklingsområde:**

1. Fokus på å opparbeide rutinar for det nye EPJ-systemet i Aurland.
2. Grunna fråvær og nytt system for EPJ, har eininga eit stort etterslep av forvaltningsoppgåver i høve tildeling av teneste. Eininga har som mål å hente inn dette i 2 og 3 tertial.
3. Opplæring av ny avdelingsleiar og etablering av leiargruppe.
4. Vidareføring av prosjekt knyta til det nye bygget i Skjerdalsvegen, og starte planlegging av drift.
5. Starte implementering av ny organisering frå 1.1.24.

**Kort resultatvurdering:**

1. Leiarar deltek i arbeidsgruppe for å utarbeide rutinar og prosedyrar for det nye EPJ-systemet. Fleire prosedyrar har kome på plass i 2. tertial, arbeidet held fram hausten 2023.
2. Arbeidet med å ta att etterslepet av forvaltningsoppgåver er starta, og held fram hausten 2023.
3. Høgt fokus på opplæring av drifts- og ansvarsoppgåver for ny avdelingsleiar og etablering av leiargruppe i eininga.
    - o Ansvarsområde for dei to avdelingsleiarane er fordelt der dei to har ansvar for ulike avdelingar og tiltak.
    - o Avdelingsleiarane har fått tildelt oppgåver som brukar-relaterte driftsoppgåver som tenesteleiar tidlegare har hatt ansvar for.
4. Frå 1.8.23 overtok kommunalleiar ansvar for å koordinere og leia fleire av prosjekta i helse og omsorg i høve det nye bygget i Skjerdalsvegen, som omhandlar prosjekt i høve velferdsteknologi, innkjøp av møblement og planlegging av drift.
5. Implementering av ny organisering 1.1.24: Det er utarbeida implementerings plan for hausten 2023. Fleire prosessar er starta og går parallelt, både i høve å få avklart ny avdelingsleiarfunksjonar, avklaring og definere stabsfunksjonar, inkl. dei sjølvstendige tenestene som skal organiserast direkte under kommunalleiar i ny organisering. Det er også starta opplærings- og utviklingsopplegg for leiarar.

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett** per.b(end) | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 23 885 415 | 27 170 592 | 13% |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 28 561 000 | 31 000 000 | 9% |

- Sjukefråværsprosenten er redusert frå 14,73 % i 1 tertial, til 9,59 % i 2 tertial, men 9,43 % av dette er knyta til langtidssjukefråvær. Eininga har framleis vakante stillingar

ved bufellesskap og BPA-tiltak. Eininga har ikkje klart å innskrenke bruk av overtid i 2 tertial, og har auka overforbruket i høve dette. Eininga har jobba målretta for å få dekka vakanse og ledige stillingar i avdelingane. Dette vil gje effekt i 3 kvartal. Eininga venter difor at overforbruket i høve overtid vil flate ut.

- Ferieavviklinga, der eininga måtte leige inn vikarbyrå gav ei meirkostnad på 1 425 000 i 2 tertial. I tillegg kjem ei ytterlegare faktura som vart betalt i september på 122 000 kr. Totalt har bu og miljø leigd inn vikarar for 1 547 000. I tillegg har det vore meirforbruk i høve godtgjersle ved ekstravakter for tilsette som tek ekstravakter i veke 23-34, på 63 000 kr i 2 tertial, samt ei kostand på 97 000 kr i 3 tertial (utbetalt i september lønn), dvs tilsaman 150 000 kr.
- Eininga har 4 leiarar frå august 23, der ein er tilsett som konstituert kommunalleiar, i lys av at kommunen er i omstilling. Dette gjev eit overforbruk i høve budsjett, der det var planlagt inn løn til 1 tenesteleiar, og 1 avdelingsleiar.
- Prognosen tilseier eit overforbruk på 2,5 mill. Merk at prognosen ikkje er justert i høve tilskot for ressurskrevjande brukarar. Kommunen vil få auka refusjonar i høve lønnsartar som går på overtid og innleige av vikarar, men ikkje for administrative stillingar. Då det har vore ei auke i lønnskostnader samanlikna med budsjett, kan kommunen venta meir refusjon enn budsjettert. Samstundes er det budsjettert med fjorårets tak, slik at det er pr i dag uklårt korleis dette vil sjå ut ved årsslutt.

# Teknisk

**Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:**

- Eigedomsforvaltning og grunnerverv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vassforvaltning, ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingsprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

**Viktige hendingar:**

- Bygging nybyggdel omsorgsbustadar Aurland helsetun.
- Utlysing og tildeling tomter Ty bustadfelt.
- Sluttføring og sluttoppgjer VA Rådhuset – Trudvang – Hopen
- Sluttføring og sluttoppgjer av nærmiljøanlegg ABU, Flåm og Gudvangen
- Sluttføring og sluttoppgjer av Ytstebøen bustadfelt
- Planlegging, justering av løysing og utarbeiding av nytt anbodsgrunnlag for totalentreprise ny idrettshall.
- Bygging av nytt parkeringsareal Flåm og etablering av parkeringsløysingar i Flåm og Vassbygdi. Gjennomføring av vedtak i prosjektet «Aurland trafikk og parkering».
- Oppstart av byggjearbeid for nytt høgdebasseng Fretheimshaugane, samordning med tilgrensande prosjekt.
- Omstillingsprosjekt for heile organisasjonen, realisering av kommunalområde Samfunnsutvikling.

**Mål/utviklingsområde:**

| | Krav | Utført /rapportering |
|---|---|---|
| Sideterrengsinspeksjonar på kommunale vegar og bruer | Fortløpande rapportering av avvik og utbetringspunkt på kommunale vegar | Årleg gjennomgang |
| Planlegge oppfølging av prioriterte tiltak i kommunale planar | Overleveringsmøte når aktuelle planar er vedtekne/stadfesta | Vert utført fortløpande. |
| Tenesteskildringar | Utarbeide tenesteskildring for dei ulike fagområda på eininga | Hausten 2023<br>Når nytt kommunalområde er organisert opp, skal det utarbeidast oppdaterte tenesteskildringar |
| Geodataplan | Utarbeide Geodataplan for dei neste fire åra  for kommunen | Hausten 2023<br>Samordna nytt kommunalområde |
| VA base | Oppdatering FKB data - VA base i kart, som grunnlag for hovudrullering av hovudplan VA | |
| Tilsyn private avlaupsanlegg | Tilsynsstrategi, tilsynsprogram, malar | Samarbeidsprosjekt med fleire kommunar. |
| Aurland trafikk og parkering | Innføring av parkeringsgebyr, administrering, handheving, | Ihht sentralt styringsdokument for |

| | | |
|---|---|---|
| | tilrettelegging, opparbeiding i samsvar med vedteken parkeringsstrategi og organisasjonsform. | prosjektet. |
| Oppfølging trafikktryggingstiltak | Oppfølging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak i gjeldande plan Innføre system og rutinar for TS-inspeksjonar på det kommunale vegsystemet. | Fortløpande |
| Rullering – kommunedelplan for veg og trafikktrygging | Ny hovudrullering av kommunedelplan | Oppstart hausten 2023 |
| Rapportering | Årleg rutine for rapportering til politisk organ | Tilpassast møteplan 2023 Utført |
| Strategi for drift av park og idrettsanlegg | Utarbeide strategidokument for drift av park og idrettsanlegg i samband med at tenesta skal drivast i eigen regi. Avklaringar i høve ansvar og prioriterte område. Bosshandtering m.fl. | Oppstart hausten 2023. |
| Strategi for drift av offentlege toalett i kommunen | Utarbeide strategidokument som omhandlar kva toalett kommunen skal drifte, tilskot/støtte ordningar, framtidige lokalitetar sett i høve hovudplan for vatn -og avlaup, avklaringar i høve ansvar. | Oppstart hausten 2023 |

**Kort resultatvurdering:**
**Innføring av nytt kommunalområde**
Det nye kommunalområdet vart iverksatt 14.08.2023. Stabseininga Forvaltning og utvikling og Teknisk eining vart slege saman til kommunalområde Samfunnsutvikling. I 2. tertial vert dei tidlegare FORUT funksjonane rapportert gjennom rapport frå stabseininga STØDIG.

**Parkering - Innføring av parkeringsgebyr og gjennomføring av tiltak.**
Det har vore nytta mykje ressursar og midlar til gjennomføringa av prosjektet. Kjøp og etablering av parkeringsutstyr, driftssystem, skilt m.fl, samt etableringa av parkeringsareal har vore høgt prioritert både av ingeniørar og fagressursar på veg/park undervegs. Det har vore fokus på å løyse utfordringar fortløpande etter kvart som parkeringsavgift har blitt etablert og at trafikantar/trafikkmønster har endra åtferd og kor det blir parkert. Det er krevd inn om lag 2 mill i parkeringsgebyr pr.d.d etter innføringa av gebyr.

**Parkanlegg, toalett, søppelhandtering, torg, destinasjon:** Det har vore fokus på vidareutvikling av drifta av parkdelen i kommunen, etter at dette kom inn i eigen drift. Desse, saman med sommarhjelper, har vore sentrale i høve søppelhandteringa i sommar. Med stort tal besøkande i kommunen har ein hatt fokus på gode løysingar for toalett og søppelhandteringa. Aurland hamnevesen KF er eit strategisk viktig verktøy for kommunen i høve tilrettelegging, forvaltning og samfunnsutvikling kring hamneanlegga. Som reiselivskommune har strategien vore å ha tett samarbeid mellom kommune og hamn, både som tilretteleggjar og økonomisk over fleire år, for å kunne framstå som ein reiselivsdestinasjon, utover «normal kommunal standard». Dette gjeld innan parkanlegg, søppelhandtering, drift av torg, parkeringsvertar, drift og toalett.

Viktige strategiarbeid for kommunalområdet framover er strategi for drift av parkanlegga, inkludert søppelhandtering, samt strategi for drift av offentlege toalett. Dette er viktig å sjå i lys av vedtekne strategiar i samfunnsdelen av kommuneplan og besøksforvaltning.

Pandemien og krigen i Ukraina har gjennom 2022 og 2023 ført til auka pris og etterspurnad på materiale. Leveringstida har auka vesentleg og det er stor usikkerheit knytt til pris. Denne situasjonen får direkte konsekvens for både investeringar, drift- og vedlikehald. Flyktningar frå Ukraina som kommunen tek i mot, har behov for bustadar. Det blir arbeidd med tilrettelegging kring dette.

Det er generelt høg aktivitet på drifta innan drift og vedlikehald på veg, bygg, VA og parktenesta.

**Kommunal beredskap/brannberedskap**
Det har vore mindre utrykkingar denne sommaren, i høve 2022. Tiltaka som vart utført av fylkeskommunen langs fylkesvegen mot Stegastein, gav god effekt. Utfordringa no er sjølve parkeringa på Stegastein som gjev trafikale utfordringar, men ingen ulykker

**Økonomi/ressurs (1-8)**

| **Budsjett per.b(end)** | **Rekneskap pr. 1-8** | **Avvik %** |
|---|---|---|
| 19 005 960,29 | 16 308 705,99 | -14 % |
| **Budsjett heileåret** | **Prognose** | |
| 28 043 630 | 28 043 630 | 0% |

Erfaringsmessig vert det nytta meir midlar på grunn av arbeid som blir fakturert i 3 tertial. Framskriving av progonosa syner at kommunalområdet vil kome ut som budsjettert.

Innan inntekter er det reduserte inntekter på torget i Flåm som følgje av at dette vert handtert av Aurland hamnevesen KF om lag kr 400 000,-. Dette vil bli teke ut i samband med budsjett 2024.

**VA:**
Det vert elles registrert auka inntekter i høve sal av vatn for 2. tertial 2023, i høve året før.

Sjølvskostområdet på VA har utvikla seg vidare i negativ retning og justert budsjettkalkyle syner eit resultat på kr -2 893 000 på vatn og kr -2 713 000. Det er i kalkylane lagt opp til ein «jamn» auke i gebyra framover for å redusere underskotet. Med planen som no er lagt opp vil fondet vera i balanse i 2027. Faktorar som påverkar sjølvkostområdet er forventa kalkylerenter, gjennomførte og planlagde investeringar, etterslep etter reduserte inntekter på grunn av pandemien, usikre utgifter og inntekter i drifta. Det er viktig at kommunen senker investeringstakten innan VA framover for å få kontroll på sjølvkostområdet, samt tek høgde for akutte vedlikehaldstiltak som måtte oppstå.

**Investeringar:**

| **Budsjett 2023** | **Rekneskap pr 01.10.2023** |
|---|---|
| **Kr 150 609 000,-** | **Kr 104 253 208** |

Det er generelt for høg investeringsaktivitet i kommunen. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring, kontroll og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver, driftsprosjekt, utviklingsarbeid og beredskapsarbeid. Det er naudsynt at kommunen gjer justeringar på aktivitetsnivået i tida framover.
Det er knytt stor usikkerheit til indeksregulering. Kommunen må ta høgde for dette.

Ein del av investeringsprosjekta krev brei involvering i organisasjonen gjennom fagressursar på VA, bygg, veg, oppmåling og park.
Naudsynte justeringar på finansiering vert handtert gjennom budsjettreguleringa.

Vi syner elles til kommentarar under kvar investering i tabell som følgjer 2. tertial.

Vedtakskodeoversikt                                        Periode: 01.05.2023- 31.08.2023
Vedtakskode 10 – vedtak påført- (23 saker)

| JPID | Tittel | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|
| 2021020011 | Godkjenning av innkomne lister - kommunestyreval 2023 | 25.05.2023 | |
| 2021021085 | Frådeling av bustadhus - Gbnr. 12/5 Jordbruksskulen | 03.07.2023 | |
| 2021017774 | Aurland hamnevesen KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022 | 15.06.2023 | |
| 2021020347 | Tilskot til bygging av Fjordportalen Verdsarvsenter | 15.06.2023 | |
| 2021020155 | Omdanning av Sogn Regionråd etter ny kommunelov og etablering av kommunalt oppgåvefellesskap (KO) | 15.06.2023 | |
| 2021020188 | Tertialrapport 1. tertial 2023 med budsjettendringar | 15.06.2023 | |
| 2021020739 | Søknad om bygdevekstavtale fase 1 for Sogn | 15.06.2023 | |
| 2021020651 | Handsaming av søknader med søknadssum over 500 000,- retta til konsesjonsavgiftsfondet med søknadsfrist 1. april 2023. | 15.06.2023 | |
| 2021020650 | Forslag til høyringsuttale frå Aurland kommune til NOU 2023:10-Leve og oppleve-Reisemål for en bærekraftig fremtid | 15.06.2023 | |
| 2021020406 | Klage på vedtatt områdeplan for Flåm - Flåmsbrygga | 15.06.2023 | |
| 2021019733 | Utarbeiding av forskrift om nedsett konsesjonsgrense (buplikt) | 15.06.2023 | |
| 2021020192 | Årsrekneskap og årsmelding 2022 - Aurland kommune | 15.06.2023 | |
| 2021019840 | Ty bustadfelt del 1 og 2.- Fastsetting av tomtepris | 25.05.2023 | |
| 2021019587 | Dispensasjon for rehabilitering av damanlegg - Reppavatnet | 05.06.2023 | |
| 2021020122 | Val av røystestyre - kommunestyreval 2023 | 25.05.2023 | |
| 2021020126 | Røystetider valdagen 11. september og 10. september - kommunestyre- og fylkestingsval 2023 | 25.05.2023 | |
| 2021020153 | Vallokale til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 | 25.05.2023 | |
| 2021020140 | Førehandsrøysting - godkjenning av røystelokale og val av røystemottak - kommunestyreval 2023 | 25.05.2023 | |
| 2021019571 | Gjennomføring av hovudprosjekt "Masterplan for reisemålet Sogn fase 3 frå ord til handling 12.09.2022." | 25.05.2023 | |
| 2021019665 | Konsesjonsavgiftsfondet mai 2023-handsaming av søknader | 25.05.2023 | |
| 2021020110 | Framlegg til partnarskapsavtale mellom Nærøyfjorden Verdsarvpark og stiftar kommunane | 25.05.2023 | |
| 2021020036 | Organisering av NAV-kontoret | 25.05.2023 | |
| 2021020557 | Førespurnad om mogleg utbygging av areal - orientering til Formannskapet | 25.05.2023 | |

Vedtakskode 30 – Under arbeid - (1 saker)

| JPID | Tittel | Vedtaksdato | Merknad |
| --- | --- | --- | --- |
| 2021020105 | TV-aksjonen NRK 2023 - Redd Barna | 26.06.2023 | |

Vedtakskode 40 – Avslutta - (14 saker)

| JPID | Tittel | Vedtaksdato | Merknad |
| --- | --- | --- | --- |
| 2021017991 | Årsrapport frå bedriftshelseteneste Avonova 2022 - Aurland kommune | 07.08.2023 | |
| 2021015727 | Oversending frå kontrollutvalet til kommunestyret om forvaltningsrevisjonsrapport- vedtak sak 12/2022 Forvaltningsrevisjon av tekniske tenester | 25.07.2023 | |
| 2021017335 | Framlegg til endring av overordna struktur i Aurland kommune | 07.08.2023 | |
| 2021018005 | Utlegging av eigedomsskatt 2023 til offentleg ettersyn | 25.07.2023 | |
| 2021016128 | Innspel til økonomiplan 2023 - 2026/Budsjett 2023 | 25.07.2023 | |
| 2021015445 | Tertialrapport 2. tertial 2022 med budsjettendringar | 25.07.2023 | |
| 2021019928 | Kulturmidlar 2023 | 15.06.2023 | |
| 2021015105 | Vinmonopol i Aurland | 25.07.2023 | |
| 2021021084 | Krav om retting av eigedomsskatt for skatteåra 2019 - 2022 | 13.07.2023 | Sendt melding om vedtak til Statnett |
| 2021019647 | Forslag om freding av Åtnes/Otternes | 21.06.2023 | |
| 2021019675 | Støtte til kremasjonsavgifta | 20.06.2023 | |
| 2021014335 | Heiltidserklæring for Aurland kommune - | 07.08.2023 | |
| 2021015311 | Tilstandsrapport for barnehage og skule for skule/bhg-året 2021-2022 | 25.07.2023 | |
| 2021017507 | Debatthefte 2 om mellomoppgjeret 2023 - Aurland kommune svarer KS | 07.08.2023 | |

KPMG AS
Postboks 4 Kristianborg
Kanalveien 11
N-5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 71 20
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Aurland Kommune

Vangen 1
5745 Aurland

Deres ref:
Trygve
Skjerdal

Vår ref:
Harald Sylta

07. november 2023

**Skifte av oppdragsansvarlig revisor**

Vi viser til vår engasjementsavtale av 09.09.2020 hvor det fremgår at statsautorisert revisor Harald Sylta er utpekt av KPMG AS som oppdragsansvarlig revisor. Som følge av at Harald Sylta fra nyttår trer ut av KPMG i samsvar med KPMGs regelverk for Partnere, skal KPMG opplyse om ny oppdragsansvarlig revisor. Harald Sylta vil fra og med 2024 ikke praktisere som revisor verken i KPMG eller på annen måte.

Vi meddeler derfor at KPMG AS har utpekt statsautorisert revisor Helge Sæle Svellingen som oppdragsansvarlig revisor for selskapet med virkning fra regnskapsåret 2023, jf. revisorlovens § 9-3, 1. ledd hvor det fremgår at revisjonsselskapet skal utpeke en ansvarlig revisor for hvert oppdrag. Statsautorisert revisor Helge Sæle Svellingen har direkte telefonnummer 949 80 449 og E-post: helge.svellingen@kpmg.no

Vi gjør for ordens skyld oppmerksom på at de øvrige punkter i vår eksisterende engasjementsavtale fortsatt vil gjelde.

Vi ser frem til et fortsatt godt samarbeid.

Vennlig hilsen
KPMG AS

Harald Sylta
*Statsautorisert revisor*

Penneo document key: 7F6H0-06ASY-I5VFA-OYHST-ZYHPK-N0YFM

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Confidential

Offices in:
Oslo, Alta, Arendal, Bergen, Bodø, Bryne, Drammen, Elverum, Finnsnes, Hamar, Haugesund, Knarvik, Kristiansand, Mo i Rana, Molde, Tromsø, Trondheim, Skien, Sandnessjøen, Stavanger, Stord, Straume, Tynset, Sandefjord, Ålesund

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Harald Sylta**
**Partner**
På vegne av: KPMG AS
*Serienummer: 9578-5993-4-1738956*
*IP: 80.232.xxx.xxx*
*2023-11-08 08:07:05 UTC*

Penneo Dokumentnøkkel: 7F6H0-06ASY-I5VFA-OYHST-ZYHPK-N0YFM

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com.** Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validator**

KPMG AS
Kanalveien 11
5042 Bergen

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Kontrollutvalget i Aurland kommune

13. november 2023

**Egenvurdering av uavhengighet**

I følge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha god vandel. Departementet er i samme paragraf gitt fullmakt til å fastsette forskrift om krav til revisors uavhengighet og vandel. Dette er gjort i forskrift om kontrollutvalg og revisjon kapittel 3. Revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget (jfr forskriftens § 19).

### *Forskriftens krav til uavhengighet*

I flg. forskrift om kontrollutvalg og revisjon stilles følgende krav:

1. § 16 Krav til revisors uavhengighet
   Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

2. § 17 Grenser for revisors tilknytningen til den reviderte virksomheten
   Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.

3. § 18 Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha
   Revisor kan ikke:

   a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen

